

TOKKE KOMMUNE

KOMMUNESTYRET SITT

VEDTAK

TIL

HANDELINGSPROGRAM OG BUDSJETT


2017

ØKONOMIPLAN

2018-2021

13.12.2016





Kap	Innhaldsliste	side
	Innleiing frå rådmannen	3
1	Om dokumentet	5
2	Handlingsprogram 2017 -2020	5
3	Budsjett 2017, økonomiplan 2017 – 2020 - Investeringsbudsjettet	7
4	Planområde 1 og 6	21
5	Planområde 2	23
6	Planområde 3	27
7	Planområde 4	33
8	Planområde 5	37
9	Oppsummering av framlegg som skal utgreiast	38
10	Kommunale avgifter og brukarbetaling	39
11	Fond og gjeld	40
12	Budsjettvedtak	40
13	Vedlegg	42

Innleiing

Årets budsjettarbeid har teke utgangspunkt i årsmeldinga og resultatrekneskapen frå 2015, samt kommunestyrets vedtak om budsjettet for 2016 og økonomiplan for 2016-19, gjort i desember 2015 og juni 2016, samt føringane i vedteken budsjetsak i juni 2016 og tertialrapportane. Framlegg og føringar frå staten gjevne gjennom statsbudsjettet er og teke inn i arbeidet. Det er gjennomført eit budsjettørftingsmøte 13.05.2016 med formannskapet, gruppeleiarar, hovudutvalsleiarar, rådmannen, etatssjefar, stabssjefar, kyrkjeverje, hovudtillsvalde og hovudverneombod, for å få fram problemstillingar og føringar for det endelege framlegget frå rådmannen og 19.10.2016 med formannskapet.

Tokke kommune har hatt problem med å klare å få positivt netto driftsresultat dei siste åra. Kommunestyret har vedteke tiltak for å betre inntektssida og kutte på utgiftssida, og rådmannen og leiargruppa har fylgd opp dei vedtekne innsparingstiltaka. Mange av dei konkrete tiltaka er gjennomført, medan andre har vore vanskelegare å få til, til dømes reduksjon i stillingar så lenge me har tilsette i stillingane. I 2016 er det imedan fleire tilsette som har slutta og sluttar og desse stillingane er førebels ikkje tilsett i. Det har ikkje vore ynskja politikk at me skal seie opp personale, men ved naturleg avgang skal stillingar og oppgåver vurderast, og gjennom omprioriteringar kan ein eventuelt frigjere stillingar eller stillingsprosentar. Me kan såleis ikkje garantere at det ikkje blir aktuelt med oppseiingar av tilsette.

Det siste året har prognosane for inntekt på konsesjonskraft vore dystre, og kommunen må halde seg til ein nedgang i kraftsalsinntektene dei siste åra. Låge kraftprisar siår og ut på eigedomsskatten og i 2017 får Tokke kommune 4,5 millionar kroner mindre enn året før. Skulle trenden med låge kraftprisar halde fram, vil dette for Tokke kommune sin del bety at utgiftene må reduserast ytterlegare gjennom varige innsparingstiltak.

I budsjettvedtak for 2017 i juni 2016 vedtok kommunestyret å fastsetje resultatkravet for netto driftsresultat i 2017 til minst 1,5%. Dette ligg til grunn for budsjettframlegget og krev ytterlegare innsparingar i 2017 i høve til 2016. Rådmannens endelege budsjettframlegg legg opp til eit netto driftsresultat på 1,6%. Det er i samsvar med klare føringar frå formannskapet. Men for å kome dit har rådmannen måtte gå på tvers av andre klare politiske føringar. Det gjeld serleg framlegg om endringar i skulestruktur, sjå tabell 3. Rådmannen har og tatt med framlegg til innsparingar som rådmannen ikkje har tilrådd, men som politikarane kan ta inn. Det same gjeld utgiftsauke som politikarane kan late vere å ta med. Det langsigtige målet har rådmannen i budsjettframlegget justert til minst 3,0 %, og det blir ein rettesnor for budsjettarbeidet i åra framover.

For å klare resultatkravet og prøve å skaffe oss ein buffer for framtidige behov, må me redusere driftsutgiftene eller auke inntektene, eller helst både delar. Rådmannen har difor lagt fram eit oversyn over tiltak som må utgreiast i året som kjem.

Tokke kommune har vore vane med å ha god råd, men den tida kan nå vere over. Det er viktig å være klår over at det ikkje er nokon sjølv sagt samanheng mellom stor pengebruk og gode resultat. Ofte er det heller ikkje talet på tilsette som er avgjerande, men om dei som er har rett kompetanse.

Kommunal sektor har i liten grad vore konkurranseutsett. Oljesektoren har i mange år levd godt i ly av høge oljeprisar. Den tida er og over og sektoren har vore gjennom mange og harde omstillingar med kostnadskutt og nedbemanninger. Kommunane kan fort kome i same situasjon og mange har ikkje teke inn over seg at det har skjedd store teknologiske endringar som gjer at me kan arbeide på ein heilt annan måte. Debatten om kommunereforma ber og preg av dette.

Det er viktig for kommunen å ikkje gje uttrykk for at alt kan løysast med pengar. Det er ikkje alltid at kravet til nærliek heng saman med kravet til kvalitet. Endring kan vere vanskeleg, men kommunen må syte for å forklare dei endringane som skjer og stimulere til lokale prosessar for å utvikle eit godt lokalsamfunn. Det er fleire gode døme på at eit sterkt lokalt engasjement kan snu ein negativ utvikling og kommunen må prioritere dei som vil noko.

Det har vore ein tendens til auka sentralisering i samfunnet som heilskap. Ein av grunnane til dette er at det offentlege tenestetilbodet er blitt meir og meir rettigheitsbasera, at det er auka fokus på kvalitet og at tilboden skal vere likt landet over. Dette gjer at kommunane ikkje står så fritt til å organisere tenestetilboden sitt som dei gjorde før. Krava skil heller ikkje mellom tettbygde bykommunar og spreiddbygde utkantkommunar – noko som kan gje heilt gale utslag.

Rådmannen meiner det er viktig for kommunen å ta inn over seg at verda er i endring og ta utgangspunkt i korleis kommunen kan gje eit godt nok fagleg tilbod gjennom omstrukturering, endring av tenestene og servicenivået. Leiarane må fortsatt ha fokus på endringsleiing og organisasjonsutvikling, og fortsatt arbeide med utvikling og effektivisering av tenestene, auka bruk av ny teknologi, utgiftsreduksjon, organisering og kompetanseutvikling.

Målet er å få eit best mogeleg tenestetilbod ut frå dei ressursane me til ein kvar tid har til rådvelde.

Hans Kristian Lehmann

Konst. rådmann

1 Om dokumentet

Budsjettdokumentet i Tokke er ein fireårig økonomiplan/handlingsprogram (HP) inkludert årsbudsjettet for komande år. Dokumentet er sett saman av budsjettal i økonomiplantabellane (vedlegg i HP) og eit handlingsprogram som formulerar overordna mål og satsingsområde, og konkrete mål og tiltak som skal gjennomførast innanfor dei økonomiske rammene. Dette blir det gjennom året rapportert på i tertialrapportar. Etter kommunestyret si endelege handsaming blir dokumentet omarbeidd i tråd med endringar som blir vedtekne.

Tokke kommune nyttar ein enkel form for målstyring der det enkelte planområde skal gje seg nokre få, målbare mål for neste budsjettår som seinare skal kunna rapporterast på i tertialrapportane og årsmeldinga.

Rådmannens budsjettframlegg blir fremja i oktober, og politisk handsama i politiske utval fram til endeleg vedtak i kommunestyret i desember. Etter budsjettvedtaket blir Handlingsprogrammet endra slik at det samsvarar med vedtaket.

For at dei folkevalde skal ha eit godt grunnlag for å gjere prioriteringar, inneheld rådmannens framlegg fleire deler:

- framlegg til økonomiplan og handlingsprogram for økonomiplanperioden (4 år) (vedlegg 1)
- med tilhøyrande talbudsjett med rammer for kvart planområde/etat (tabell 1)
- framlegg til investeringsplan (tabell 2)
- oversyn budsjettramme for kvart planområde (tabell 1)
- oversyn over tiltak som rådmannen har tilrådd å opprette eller spare inn, med etatssjefens merknad til konsekvensar (tabell 3) slik at det politiske arbeidet med prioriteringar av ulike tiltak skal vere lettare å gjennomføre.

2 Handlingsprogram 2017 -2020

OVERORDNA MÅL

I kommuneplanens samfunnsdel er det satt opp denne visjonen for Tokke kommune:

«Kompetanse, kraft og kultur»

Hovudmåla for Tokke kommune er definert slik:

- Tokke kommune skal vere ein open, trygg og attraktiv stad i Vest - Telemark for busetjing og næringsetablering.
- Kraft, kompetanse, kultur, landbruk og natur er grunnlaget for vekst og utvikling av Tokke.
- Tokke kommune skal vere ein inkluderande kommune med universell utforming, ein god tenesteleverandør og truverdig forvaltningsmynde.

Desse hovudmåla gjer føringar for retning for fem fokusområde:

- samfunn
- organisasjon/medarbeidar
- økonomi
- brukarar
- interkommunalt samarbeid

2.1. Samfunn

- ↖ Tokke kommunes livsgrunnlag er næringsliv, landbruk og busetnad, og kommunen skal i samarbeid med aktørane legge til rette for ein aktiv næringspolitikk, ei styrking av landbruket og ein målretta bustadpolitikk.
- ↖ Tokke kommune skal legge til rette for å motta flyktningar etter dei måla kommunestyret hev sett.
- ↖ Tokke kommune skal synleggjere dei moglegheitene kommunen har innan reiseliv og utvikle Dalen sine kvalitetar som byliknande sentrum i regionen.

2.2 Organisasjon/medarbeidar

- ↖ Tokke kommune satsar på å auke kompetansen til dei tilsette.
- ↖ Tokke kommune skal vera ein organisasjon prega av endringsvilje og utvikling.

2.3. Økonomi

- ↖ Tokke kommune har som langsigktig mål å ha eit årleg netto driftsresultat på 3,0%.
- ↖ Tokke kommune siktar mot eit disposisjonsfond på 7-10% av driftsinntektene.
- ↖ Dei kommunale avgiftene skal over ein periode på 4 år ligge slik at dei gjev full dekningsgrad i høve til utgiftene.

2.4. Brukarar

- ↖ Tokke kommune nyttar sin faglege kompetanse til å gje rett teneste til rett tid og i rett omfang.
- ↖ Tokke kommune skal legge til rette for tidleg innsats i høve til barn og unge.
- ↖ Tokke kommune skal ha ei omsorgsteneste prega av kompetanse og ny teknologi.

2.5. Interkommunalt samarbeid

- ↖ Tokke kommune deltek aktivt i nye interkommunale samarbeidstiltak på dei område dette er tenleg.

3 Budsjett 2017, økonomiplan 2017 – 2020

3.0 Budsjettarbeidet og den økonomiske situasjonen i Tokke kommune

Som kraftkommune har Tokke tidlegare vore i ei god økonomisk stilling i høve til dei fleste andre kommunar, men utgifts- og inntektsutviklinga dei seinare år har gjort at kommunen har mått gjera store grep for å få økonomien i balanse. Inntektsutviklinga endrar seg nesten frå halvår til halvår og gjer budsjettarbeidet særskilt utfordrande. Løns- og pensjonsutgiftene tek store delar av budsjettet. Frie disposisjonsfond (inkl. særavtalefonda) er rekna til om lag 2 mill. kr ved utgangen av 2016, men burde vore minst 17 mill. (7-10% av driftsinntektene).

Nedgang i folketal og endringar i samansetjinga av befolkninga fører til mindre skatteinntekter og rammetilskot frå staten. Styresmaktene reknar såleis med at Tokke skal kunne drivast med mindre utgifter enn det me gjer i dag.

FRAMTIDSBAROMETERET

For å identifisere kommunane med størst utfordringar i komande økonomiplanperiode har Kommunal Rapport brukt elleve indikatorar innan folketal, sysselsetting og økonomi. Her er det vist 6 av dei. Vurderinga av dei ulike indikatorane er gjort på ein skala frå 1 til 6, der 1 representerer eit nivå kor kommunen ligg dårlegast an, 6 at kommunen ligg best an. Rådmannen gjer merksam på at (Kostra-) tala er frå 2015, som var eit særskilt dårleg år for Tokke kommune.

	Tokke	Fyresdal	Vinje	Kviteseid
Folketal	2,2	3,6	3,4	2,2
Grunnskule	4,3	3,9	4	4
Eldre over 80 år	3,3	4,3	2,5	2,5
Driftsresultat	1,0	2,8	4,2	4,2
Disposisjonsfond	1,0	2,8	4,2	4,2
Kostnadsnivå	1,0	1,0	1,0	1,0
Inntektsnivå 2015	6,0	5,0	6,0	3,0

Kommunal Raports vurderingar:

- Folketal Veksten i folketalet blir låg i åra framover.
- Grunnskole I 2020 vil det vera langt færre elevar i kommunen enn i dag. Veit kommunestyret kva det inneber for tilbod og eventuell skulestruktur?
- Eldre Det er venta ei lita auke i talet på gamle over 80 år, omtrent som elles i landet.

Driftsresultat	Me ventar at korrigert netto driftsresultat vil falle i åra framover, sidan det i 2015 og 2016 ser ut til å vere på serleg høge nivå. I Tokke ventar me eit svært därleg driftsresultat i 2020, blant dei svakaste i landet. Det er tydelege faresignal i kommunens økonomi.
Disposisjonsfond	Ved utgangen av økonomiplanperioden er Tokke blant dei som har størst risiko for eit oppsamla underskot.
Kostnadsnivå	Utgiftsnivået innan dei viktigaste sektorane, justert for utgiftsbehovet, er blant dei høgaste i landet. Ein føresetnad for å drive så dyrt er at kommunen og har svært høge inntekter, elles blir det vanskeleg.
Korrigert inntekt	Utrekningane av korrigert inntektsnivå syner at Tokke er blant dei rikaste kommunane i landet

Rådmannens kommentar:

Oversynet viser tydeleg at Tokke kommune er därleg rusta til å møte framtida. Når det gjeld driftsresultat, disposisjonsfond og utgiftsnivå, ligg kommunen därleg an. Kommunen har ikkje noko anna val enn å halde fram med arbeidet med å redusere utgiftsnivået og bygge opp ein større buffer slik rådmannen legg opp til i budsjettframlegget.

3.1 Tekniske føresetnader

Dette framlegget til budsjett for 2017 byggjer på økonomiplanen frå i fjar, naudsynte konsekvensar av endringar gjennom 2016 samt statsbudsjettet for 2017.

Vidare inneholder budsjettframlegget rådmannen sine prioriteringar av utviklingstiltak og innsparingar.

Alle opplysningar er oppdaterte så langt råd er, og blir justert etter endeleg vedtak. Føresetnaden er ein rekneskap for 2016 med overskot. Nedanfor er det gjeve eit oversyn over dei viktigaste tekniske føresetnadene som er gjort .

- Utgiftsauken frå 2016 til 2017, ofte kalla deflatoren, er sett til 1,5% i 2017 både når det gjeld løner og andre driftsutgifter. Statsbudsjettet opererer med 2,5%.
- Pensjonspremien for KLP-medlemmar er sett til 18% i 2017. Pensjonspremie på 10,25 % for lærarar i Statens Pensjonskasse - SPK.
- Arbeidsgjevaravgift på 10,6 % - uendra.
- Pristaket for straumprisen blir sett til 36 øre ekskl. nettleige og alle avgifter i 2017.
- Ei renteutvikling innafor dei fleste ekspertane sine prognosar. Ei stabil, låg rente – men dette er sjølv sagt usikkert på lengre sikt. Låneopptak er utrekna med 2,5% rente.
- Det er rekna med utbyte frå VTK AS med kr 1,9 mill., som budsjett i 2016.

3.2 Det generelle inntektsgrunnlaget

Skatteinngangen i Tokke auka med 3,8% frå 2014 til 2015 og budsjettet auke i 2016 er 1,4%, lågare enn dei statlege føringane. I 2017 er også budsjettet med ein auke på 1,4% til kr 74,9 mill., dette i samsvar med Telemarksforsking sine utrekningar i samband med rammetilskotet. Rammetilskot og skatteinntekter, dei såkalla frie disponible inntektene er budsjettet til 141,3 mill. kr i 2017, kr 3,7 mill. meir enn i 2016. Som fylgle av nedgangen i straumprisane dei siste åra går inntektene frå konsesjonskraftsalet ned - og eigedomsskatteinntektene frå kraftverk går mykje ned.

Finansutgifter – renter og avdrag - er budsjettet til 11,2 mill kr i 2017 og vil halde seg på dette nivået og gå litt ned i ØP. Rentenivået er framleis svært lågt og vil venteleg halde seg lågt i lang tid. Styringsrente frå Noregs Bank er på bare 0,50%. Det er rekna **2,5% lånerente i ØP**, som i gjeldande ØP, men dette er usikkert og kan såleis vera ein risiko, eller gjeldsfelle, på lengre sikt. Ei dobling av renta til 5% vil utgjera om lag **kr 4,5 mill.**

3.3 Tiltrådingar etter Telemarksforskings ressursgjennomgang i 2015 og kommunestyrets budsjettføringar i juni 2016

Telemarksforsking gjorde ein ressursgjennomgang for Tokke kommune i 2015 og med ein rekke framlegg. Desse er kommentert her for kvart planområde. Det same er kommunestyrets budsjettføringar frå juni 2016.

Generelt

Telemarksforsking:

Innkjøpssamarbeid

Ikkje gjennomført fullt ut grunna politiske føringar

Standardisere innkjøp og bruk av IKT-utstyr

Kommunen er inne i eit prosjekt saman med Vinje og Kviteseid

Gjennomgang av serviceavtaler

Er under arbeid, nokre er avvikla

Grundig saksgrunnlag

Det er rådmannens ansvar, men kor grundige saksgrunnlaga skal vere heng saman med dei administrative ressursane kommunen har

Kommunestyrets budsjettføringar

- a. tilsette i kommunen må vera førebudde på endringar i arbeidsoppgåver og arbeidsstad
- b. redusere konsulentbruken i kommunen
- c. redusere i kurs som ikkje er lovpålagte
- d. ikkje innføre eigedomsskatt på hus og hytter i Tokke kommune

- e. tenestenivået i Tokke kommune må reduserast og talet på årsverk i kommunen bør reduserast frå dagens nivå på 250 årsverk
- f. Budsjettet som blir lagt fram skal legge opp til eit overskot på 1,5 %

Punkta a – f ligg inne som ei generell budsjettføring i rådmannens budsjettframlegg

Planområde 1 Sentraladministrasjonen

Telemarksforsking

Tokke kommune har høge administrasjons-utgifter samanlikna med andre kommunar. Kultur blir flytt til Oppvekst, Teknisk blir flytt til Plan og næring. Kutte 0,5 årsverk leiarressurs til den nye planavdelinga

Kjem som eiga sak til kommunestyret

Reduksjon av rådmannens stab

Reduksjon av merkantilt personale

Arealeffektivisering

Kommunestyrets budsjettføringer

- a. redusere med 1,5 årsverk

Planområde 2 Oppvekst

Telemarksforsking

Reduksjon med to klasser på Høydalsmo skule

Me har ikkje slått saman to klasser, men har slått klasser saman i enkelt timar. Budsjettvedtaket for 2016 medførte ein reduksjon i bemanninga ved skulen, der ein fekk ei innsparing på kr 200 000.

Administrasjonen ved Tokke skule reduserast

Har noko reduksjon i administrasjon inneverande skuleår – men det er ikkje tilrådd frå Telemarksforsking å bli utført med det fyrste grunna omstillingsarbeid. Administrasjonen ved skulen har fått mykje ekstra arbeid i samband med mottak av flyktingar. Dessutan har administrasjonen vikariert ganske mykje i samband med fråvær.

Ikkje kontinuerlig barnehageopptak

Allereie innført. Noko reversert i ettertid. Løpande opptak skjer om det ikkje medfører trøng for auka bemanning.

Samle barnehageavdelingene i Høydalsmo

Bornetalet er lågare i Høydalsmo pt.. Drifta er no samla på ein plass.

Utgiftene til kulturskule reduserast til gjennomsnittet av utgiftene i Kostra-gruppe 3

Bør først vurderast etter ein har vurdert kor ansvaret for kulturområde skal ligge.

Organiseringa vil bli vurdert i eiga sak. Ein ser for seg at ein kan oppnå effektiv bruk av ressursane i kulturskulen om ansvaret for kulturområdet blir flytta til oppvekstetaten.

Kommunestyrets budsjettføringer

- a. ikke å gjere strukturendringar, utover at barnehagen i Byrte blir lagt ned som ei mellombels ordning

Tas til orientering.

- b. ei oversikt på innsparingspotensialet og ei vurdering av å redusere vikarbruken i oppvekstetaten til dømes gjennom større fleksibilitet av ressursar mellom einingane

Etaten slitt ved å halde budsjetttrammene for vikarar. Planområde 2 har svært lite avsett til vikarlønner, sjå oversikten under.

Konto	Namn	Pl. 2	Pl. 3	Differanse
1021	Vikar ved sjukdom	174 775	1 494 015	1 319 240
1023	Vikar ved lønna permisjon	0	230 000	230 000
1024	Vikar ved kurs og opplæring	20 000	135 005	115 005
1025	Vikarlønn ved ferie	112 002	3 122 330	3 010 328
1026	Vikarlønn ved avpassering	5 005	215 005	210 000
1027	Vikarlønn ved møter	0	0	0
1028	Anna vikarlønn	0	0	0

Ved oppstart av nytt barnehage- og skuleår, går etaten saman med mellomleiarane gjennom bemanninga i barnehagane/SFO/skulane. Slik flytter ein bemanning ut frå barnetal og faktisk trond i skulen.

Fleksibel bruk av tilsette ved fråvær ol., må berre nyttast om ein ser det som fagleg forsvarleg. Det er naudsynt at leiinga gjer denne vurderinga i kvart einskild tilfelle. Etaten har heile tida fokus på å nytte ressursane for å få eit best mogeleg tilbod til borna/elevane.

- c. ei oversikt på innsparingspotensialet med å redusere/slå saman administrative årsverk på etaten og kva etaten ser for seg kan reduserast/slåast saman

Arbeidsoppgåvene til leiinga har auka monaleg den siste tida:

- ◀ Mottak og organisering av tilbodet for flyktingane
- ◀ Klasseroms-/avdelingsvandring – tilbakemelding/rettleiing
- ◀ Fagutvikling
- ◀ Organisering av tilbodet, for å få størst mogeleg effekt på læring
- ◀ Utviklingsarbeid

Leiing har ei stor rolle i utviklinga og drifta av barnehagen/skulen. Resultatet av ei nedskjering på ressursen til leiing, vil driftsoppgåvene ta meir av «plassen» i det daglege og ein har ikkje rom til den same satsinga på utvikling, med mål om å betre det pedagogiske tilbodet og læringsresultata.

- d. vurdere innsparingspotensialet ved at administrative funksjonstillegg skal fylge den faktiske ressursen som ligg til stillinga

Administrative stillingar blir lyst ledig – internt/eksternt. Det er ein ordinær tilsetningsprosess, der ein tilsett i den aktuelle administrative stillinga.

Administrative stillingar ynskjer ein er kombinert med undervisning, då dei blant anna skal leie lag/trinn. Dessutan utfører fleire av dei administrative tilsette skulevandring, det vil vere ein stor føremoen at den personen har erfaring frå klasserommet.

Funksjonar følgjer ordinære reglar for tildeling av funksjonar. Det skjer ikkje gjennom ein tilsetningsprosess, men ein fordeling slik arbeidsgjever ser det føremålstenleg.

- e. ei vidareføring av auken på 0,2 årsverk ved Åmdals Verk skule
Tas til orientering. Ut frå vedtaket, vel rådmannen ikkje å utgreie trongen nærare.
- f. eit budsjettframlegg der talet på årsverk ved skulane på Dalen og Høydalsmo blir redusert med 2 årsverk til saman

Utvikling av årsverk i skulen:

	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16
Årsverk for undervisningspersonale	38,7	40,0	38,2	33,5	31,4

Etter at Telemarksforskning gjennomførte sin ressurskartlegging er det redusert bemanning i skuleåret 2016/2017 med om lag 70%. Jf. reduksjon i budsjettet for 2016.
(Tokke skulen 50% og Høydalsmo skule 20%. Vidare er det på Tokke skule redusert med 80% som direkte er retta mot flyktningane – styrking for flyktningane i gruppe undervisning. Samla er det no ein reduksjon med 130% på undervisning for elevar som ikkje er flyktningar ved Tokke skule, over dei to siste åra.)

Vidare var det skuleåret 2015/2016 innført ein ekstra time naturfag på mellomtrinnet, det har vore kompensert i rammeoverføringa frå staten, men ein har ikkje justert rammene til oppvekstetaten for auken . Det utgjer om lag 9% stilling.

Etaten har dei siste åra sett inn målretta tiltak for å gje tideleg innsats. Målet har vore målretta tiltak for å betre prestasjonar, dessutan har ein kunna sett inn tiltak utan at det har vore vedtak. Resultatet har vore ein kraftig nedgang i spesialundervisning. Me har no ein andel på 5-6% som får spesialundervisning, i 2010/2011 var andelen nær 14%.

Det er gjort store reduksjonar i talet på årsverk i skulen – sjå tabellen over. Ved ein stor nedskjering no, vil ein kunne miste handlingsrommet for tideleg innsats, som seinare påverkar andelen med spesialundervisning og faglege prestasjonar. Ein vil lett kome attende i ein vond spiral, der ein bind opp ressursar til spesialundervisning, som så hindrar at ein har rom for målretta tideleg innsats for alle elevane.

Rådmannen syner til den faglege vurderinga over og kan ikkje tilrå ei nedskjering i den storleiken som her er skissert.

- g. ei vurdering og ein oversikt over innsparing ved å redusere 2 årsverk i barnehagane
Etaten har framfor kvart barnehageår vurdering av bemanninga til kvar barnehage, ein vel å flytte ressursar mellom barnehagane, alt etter omfanget på søknader.
Me har i dag bemanning på det me meiner er eit minimum, ein ytterlegare nedskjering vil etter rådmannens vurdering kunne medføre:
 - ◀ Redusert tryggleik – å ha 3 tilsette pr 18 plassar meiner rådmannen det er naudsynt å ha
 - ◀ Ei innstramming på ressursane, vil medføre større press på dei tilsette, som seinare medfører auka belastning, som kan medføre auka sjukefråvær.
 - ◀ MEN det kan òg ha innverknad på rekruttering av fagpersonell i barnehagane.Tideleg innsats startar allereie i barnehagen. Målretta tiltak i barnehagen, f.eks språkstimmulering, har forsking synt har stor effekt på lesing seinare i skulen. Ein reduksjon i bemanninga vil kunne medføre at ein ikkje får rom til å gje så godt pedagogisk tilbod ein ynskjer.

Rådmannens vurdering er at det ikke er potensial for ytterlegare nedskjering av bemanninga i barnehagane.

h. ein oversikt som viser innsparingspotensialet ved å stenge Dalen barnehage 1 veke og 2 veker om sommaren

Barnehagen nyttar ikkje vikarar om sommaren og svært liten grad til ferieavvikling resten av året. Borna skal etter kommunens vedtekter ha tre vekers samanhengande ferie. Noko som medfører at borna må ta ut ferie i forkant eller etterkant av den tida barnehagen blir lukka (om ein har sommarlukking). Vidare regulerar ferielova kravet til samanhengande ferie for tilsette. Det vil medføre at ferien for borna og tilsette må tas ut i ein kortare periode, og det vil vere mange born i barnehagen den resterande delen av sommaren. I dag blir talet på avdelingar og tilsette, tilpassa etterspurnaden/tilbakemelding om yngst plass frå føresette. Ved lukking av barnehagen vil ein spare utgifter til reinhald. For oppvekstetaten vil det ikkje medføre innsparing.

i. ei vurdering av om den administrative delen av kulturskuleleiari kan reduserast med 20 %. Kan noko av det administrative ansvaret overførast til etatsjef/andre administrative stillingar på etaten?

Ei vurdering her vil vere avhengig av kva som skjer organisatorisk med kulturoppgåvene i kommunen.

Blir desse oppgåvene lagt til oppvekstetaten, vil resultatet bli at kulturskulerektoren får fleire arbeidsoppgåver.

j. at kulturskuletilbodet skal gjelde fram til fylte 20 år

I dag er det ca. 40 vaksne (>18 år) som nyttar seg av tilbod i kulturskulen, av desse er det om lag 20 elevar i Tokke songlag. Ein vurderar at undervisningstilbodet til blant anna songlaget er viktig for det kulturelle tilbodet i kommunen.

Prisen for enkelttimar er for dei vaksne 25% høgare. Rådmannen vil føreslår at auken på 25% i eigenbetaling, gjelde alle typar kategoriar av undervisning, også gruppeundervisning.

Planområde 3 Helse og omsorg

Telemarksforsking

Redusere talet på legeårsverk

Tokke kommune har høg andel lege i forhold til statistikken. Antall legar henger og saman med val av legevaktstilbod. Legane skal ha fri etter vakt 4 timer etter gjennomført legevakt. Slik tilbodet er byggt opp i dag kan ei reduksjon av antall legar tilrådas. Dersom legavaktsordninga endras, så kan saka eventuelt takas opp til ny vurdering.

Redusere med eit halvt årsverk innan psykisk helsevern

Når Telemarksforsking har sett på denne del av tenesta, så visar dei til kor mange tilsette som har vidareutdanning i psykisk helsearbeid samla i kommunen. Noko som blir feil, då det er fleire i etaten som har vidareutdanning i psykisk helsearbeid, som jobbar i både heimetenesta og institusjon.

Teneste for psykisk helse er lagt in med ei reduksjon med 0,4 hjelpepleiarstilling for året 2017. Det ser ut som om det er rom for ei reduksjon nå, men dette må vurderas frå år til år. Brukarplan visar at Tokke kommune ligg høgt i forhold til personar med rusproblem. Undersøkinga synar og at det er fleire med rusproblem som har ansvar for born.

Vurdere alternative legevaktløysinger

Ei arbeidsgruppe i Vest-Telemark er i gang med å sjå på alternative samarbeid om legevakt

Vurdere alternative utvida løysingar for helsesyster og jordmortenesta

Det er starta ein prosess om auka samdrift av jordmortenesta i Vest-Telemark

Rom for å redusere med 1,1 årsverk i institusjonstenestene gitt at pleiefaktoren kan reduserast til nivået i samanliknbare kommunar (0,90)

Telemarksforsking har i sin rapport vist til ei undersøking frå 2004, når dei visar til ei gjennomsnittleg pleiefaktor på 0,9. Etter den tid har samhandlingsreforma blitt satt i verk og pasientane på institusjon har eit større omsorgsbehov enn tidligare. Helse og omsorgsleiar tilrår ikkje ei pleiefaktor på 0,9, men går heller på ei faktor på 1,0 for institusjon.

I rapport frå våren 2016, har det vart sett på den dekkingsgrad Tokke kommune bør ha av institusjonsplasser. Antall plasser med heildøgns bemanning må sjåast i samanheng med omsorgssentret, som og er eit buende med heildøgns bemanning. Med omsyn til det, så tilseier statistikken at Tokke kommune bør ha 28 institusjon plasser, inkludert korttidsplasser. Det betyr at frå dagens 35 plasser reduseras det med 7. Det anbefalas at 3 av dei vil bli gjort om til omsorgsbustader. Det betyr at 4 av dagens plasser blir fjerna. Konsekvensen for reduksjon av plassar på institusjon vil bety at det aller sjukaste i kommunen får plass på institusjon, til døme personar med samansett behov for heildøgns omsorg. Tenesta vil vurderas når det ikkje lenger er forsvarleg at brukar bur i eigen heim og når andre alternative tenestar er vurdera/prøvd ut.

Auke ATA-tida (ansikt til ansikt-tida) frå 63 til 68 %. Kvart årsverk må produsere ca 3 timer meir i direkte kontakt med brukar. Dette gir rom for å redusere 3 av 38 årsverk innan heimetenenestene.

Telemarksforsking har sett på ATA tid samla for alle heimebaserte tenestar. Vi har sett på tenesta på nytt kvar for seg. Den del av tenesta som har noko lågare ATA tid er heimesjukepleia og Høydalsmo alderspensionat. Det er planlagt ei endring i drifta ved pensjonata frå november 2016, då drifta for pensjonatet blir lagt saman med anna drift i heimetenenesta. Dette vil gjera det mogeleg å redusere noko i heimetenenesta. Det vil og vera moglegheit til å redusere i heimesjukepleia til ei viss grad. Bruk av multidose bør vurderas, for å spare tid for sjukepleiarar. Konsekvensen ved ei reduksjon er eit lågare tenestetilbod for heimebuande eldre. Færre førebyggjande tiltak, med for eksempel mindre tilsyn.

Effektivisering av kjøkkendrift

Det vil krevjas ei større utgreiing for å vurdere effektivisering av kjøkkendrifta. I fyrste omgang må det avgjeras korleis enn skal drifta institusjon, og få til ei god ordning på bland anna kjøkken på avdelinga. Det vil og vera viktig å sjå på kva friviljuge kan gjera. Det kan til døme vera å kjøre mat til heimebuande. For ei effektivisering krevjas ei større investering på kjøkkenet.

Kommunestyrets budsjettføringer

a. ei økonomisk og fagleg vurdering av prosjektet «Nytt blikk»/heiltidskultur

Det er mogelegheit å spare utgifter gjennom å redusere antall personar på jobb, gjennom mindre utgifter til arbeidsgjevar avgift osv. Det kan til dømes gjerast gjennom at personale jobbar fleire helgar enn i dag. Kor stor innsparing det rør seg om beror på kva for turnus som blir valt. I tillegg vil ei stabilisering av personale gje ei innsparing gjennom mindre bruk av overtid, forskjøva arbeidstid, bakvakt mm.

b. at Tokke kommune skal gå i dialog med Vinje for å sjå nærmere på utgiftsfordelinga for legevaksamarbeidet og gjere ei fagleg og økonomisk vurdering av å drifta svarteneste på natt sjølve

Det har tidligare vore gjennomført ei undersøking om eiga drift av svarteneste på natt. Det viste seg at det ville gje auka utgifter for kommunane. Tokke kommune er i dialog med Vinje om dette. Ei arbeidsgruppe i Vest-Telemark er i gang med å sjå på alternative samarbeid om legevakt

c. ei oversikt som viser innsparingspotensial og fagleg konsekvens med å redusere med 1 stilling på kjøkkenet/legge om til avdelingskjøkken

Sjå tidligare pkt.

d. ei vurdering av å legge arbeidet med oppfølging av diabetespasientar til legane og vise eventuell innsparing med dette

Diabetessjukepleiar i Tokke kommune har funnsts i over 15 år. Nasjonalt er diabetes eit stort satsingsområde, der diabetessjukepleiar er trekt frem som ei god ordning lokalt. At desse faggrupper er trekt ut som eiga satsingsområder både nasjonalt og lokalt er ikkje ei tilfeldigheit. Det er her vi finn dei største pasientgruppene som kan utvikla eit stort hjelpebehov i framtida og i tillegg store utgifter knytt til eit auka hjelpebehov.

I perioden januar – juni 2016 har diabetessjukepleiar hatt 23 diabetesdagar, fylgt opp ca 100 pasientar og hatt 134 konsultasjonar. I tillegg kjem kontakt med pårørande og undervisning av tilsette i andre deler at tenesta.

Dersom diabetessjukepleiar vart fjerna ville pasientane gå til fastlege, noko som for så vidt ikkje er eit problem i seg, men behandlingstilbodet ville bli svekka. Diabetessjukepleiar er i dag meir oppdatera enn fastlegane på diabetesbehandling og har ei meir omfattande hjelpe tilby. Diabetes er ei sjukdom som omfattar meir enn medisinsk behandling. Diabetessjukepleiar tilbyr undervisning om kosthold, livsstil, aktivitet, både til pasientar, pårørande og til anna personale. Dette ville ikkje kunna gjennomførast i sama grad gjennom fastlegen.

e. ei vurdering av moglegheita for å ta opp att reisevaksinasjon i Tokke/eventuelt få til eit samarbeid med Vinje om dette

Det ligg føre 2 alternative framlegg. 1. kjøp frå anna kommune. 2. samdrift gjennom bruk av integreringstilskott på helsestasjon. Alternativ 2 er tilrådt gjennom bruk av integreringstilskott.

f. ei vurdering av innsparing med å redusere med 5 institusjonsplassar på sjukeheimen

Er under vurdering – sjå pkt over.

g. ei fagleg og økonomisk vurdering av å redusere talet på nattevakter

Slik som situasjonen er i dag, vill helse og omsorgsleiar ikkje tilrå ei reduksjon av nattevakter. Ved omorganiseringa som er i gong, vil bruk av nattevakt vurderas og det ligg i staden ann til auka bruk av nattevakt i heimen enn i dag.

Reduksjon av ei nattevakt ville gje ei konsekvens for institusjon og omsorgssenter, som per i dag har totalt 49 brukarar fordelt på 4 nattevakter. Ved alarm reiser ein personale ut og det blir då igjen 3 nattevakter på huset.

På omsorgssentret er det ein nattevakt /15 pasientar. På skjerma eining med 7 pasientar må nattevakt vera tilstede og kan ikkje reise i frå. 2 personal har ansvar for resterande 27 pasientar. Det ville vera for stor belasting over tid, dersom 1 person aleine ville ha ansvar for heile den avdelinga.

Ved reduksjon av institusjonsplasser, kan der vurderast på nytt.

h. ei vurdering av å redusere med 6 årsverk totalt på etaten der 1-2 av desse er knytt til Åheim

Etaten har lagt fram eit budsjett med reduksjon av 8,16 stillingar. Reduksjon av stillingar på Åheim må vurderast i samanheng med ATA tid for avdelinga og den ligg for Åheim på 69%, noko som anses som rimeleg. Telemarksforsking meinar i sin rapport at ei ATA tid på 68 % var bra. Det kan vera rom for å redusere ei helgestilling på Åheim utan større konsekvensar. Det til svarar ca 20 %stilling. Det er trass det ikkje tilrådd at kutte stillingar ved Åheim ved dette tidspunkt. Etaten bør heller utgreie om det er rom for å utvide avdelinga gjennom nye tiltak av dagaktivitet for brukarane. Det vill vera med på å redusere utgifter til eksterne. Utgifter for eksterne tenestar auke for kvart år. I perioden 2012 til 2016 har utgiftene til KVITO auka med kr. 500.000.

i. ei vurdering av korleis ein kan bruke ressursane meir fleksibelt og kostnadseffektivt med større grad av samarbeid på tvers av etatane - til dømes psykiatri/helsestasjon/skule + bufellesskap/omsorgssenter/sjukeheim/heimetenesta

Resursane brukas fleksibelt i dag på fleire område. Psykisk helse og helsestertenesta samarbeidar i stor grad i dag. Det vil ikkje vera slik at ei helsestester vil kunna erstattas med ei psykiatrisk sjukepleiar, eller tvert om. Desse fagområda er forskjellige og innsatsen vil vera forskjellig utifrå det behov som brukarane har. Det er lovpålagt at det skal vera ei helsesterteneste på skulen. Men det er ikkje lovpålagt at ei psykiatrisk sjukepleiar skal vera ei del av skulehelsetenesta. Men psykisk helseteneste jobbar tett opp mot BUP og arbeider med brukarar som har kontakt med spesialisthelsetenesta lokalt. Mange av dei unge har i dag psykiske og psykososiale utfordringar, med behov for hjelp som er spissa innanfor fagområdet. Begge desse fagpersonar jobbar godt saman med skulen og framfor alt med sosiallærarar, som er ei naturleg samarbeidspart. Sosiallærar er ei lovpålagt stilling i på skulen.

j. ein oversikt som viser kva for oppgåver ein Friviljug-sentral kan overta frå Kvito og den eventuelle innsparingsa på dette

Friviligsentral er under opprettning, men den kan ikkje take over oppgåver frå Kvito

Planområde 4 Plan, næring og kultur

Telemarksforsking

Samle kulturoppgåvene i ein oppvekst og kultureining

Er vurdert, sjå resultat under etatane

Felles landbrukskontor med kommunar i Vest-Telemark

Er vurdert, men det er førebels ikkje vilje til dette i alle kommunane i Vest-Telemark

Tettare samarbeid med andre kommunar på reiselivs- og næringssida

På reiselivssida er det tett samarbeid i Vest-Telemark

Reduksjon av bygningsmasse

Det blir lagt fram eige sak om sal av kommunale bygningar

Inndra heimel kulturhusleiar/næring

Er gjennomført

Reduksjon av merkantil heimel

Blir vurdert i samband med naturleg avgang

Klarare retningsliner for tilskot til lag og foreiningar

Nyleg vedtekne retningsliner for tilskott til lag og foreiningar

Servicetorg

Er ikkje vurdert i denne omgang, men dette er ikkje noko tiltak som vil redusere utgifter

Oppdatere og følgje opp nettsidene

Blir gjort med dei ressursane me har til rådvelde

Kommunestyrets budsjettføringar

a. å kutte 1 stilling på etaten

Er gjennomført i 2016

b. å redusere opningstidene på Tokkebadet med ein månad

Er gjennomført frå hausten 2016 og vil bli vidareført

c. at kommunen etablerer eit samarbeid med idrettslag/friviljuge for å drifta Tokkebadet

Er vurdert, men kommunen har ikkje funne nokon som er viljuge til å drifta badet. Det er og tvilsamt om me sparar pengar i høve til dagens drift.

- c. ei vurdering av å slå saman av teknisk- og plan-/næringssetaten og flytte kultur til oppvekststata

Kjem som eiga sak.

Planområde 5 Teknisk

Telemarksforsking

Vurdere ambulerande vaktmeister og reinhaldsteam

Reinhald er organisert etter det ambulerande prinsippet på omtrent alle kommunale bygg.

Ambulerande vaktmeister vert vurdert ut i frå dagens organisering, samt ut i frå omstrukturering knytt til naturleg avgang. Nyttar i dag også løysingar som ambulerande vaktmeister.

Kritisk gjennomgang av tidsbruken for å sjå på moglegheiter til å redusere ressursbruken

Er under vurdering

Behovsprøving av storleik og bruk av stillingar for å sjå om nokre av stillingane kan kombinerast med andre stillingar.

Blir gjort i samband med ei mogeleg samanslåing av plan/næring og teknisk

Vurdere ei organisering der teknisk, plan og næring er slått saman til ein etat

Er under vurdering

Plan for tom bygningsmasse

Rådmannen vil legge fram eiga sak om dette. Alderspensionat vert forsøkt seld, alternativ nytta i samband med flyktingar. Det vert også vurdert kva ein gjer med tome skulebygg.

Energigjennomgang av bygningsmasse

Er under vurdering, og sjåast i samanheng med straumeffektiviseringstiltak.

Auke gebyr vann og avløp opp til 100%

Ligg inne i rådmannens budsjettframlegg for 2017

Automatisering av VA-avlesing

Oppgradering av overvakkingssystemet vert vurdert i forhold til å automatisere nokre av dagens driftsoppgåver.

Kommunestyret

a. ei vurdering av kva for kommunale bygg ein kan redusere reinhaldet på –kor ofte treng ein vaske kontor til dømes

Er under konstant vurdering, og det er allereie nedjustert hyppigheit av reinhald på kommunehuset.

b. ei vurdering av om ein kan redusere med 2 stillingar på etaten der 1 ligg på reinhald

Det er allereie vakansar i etaten og rådmannen rår ikkje til at me går ytterlegare ned.

Det ligg også føre naturleg avgang av minst 1 stilling i 2017/2018.

c. ei vurdering av korleis ein skal få ned utgiftene til vegvedlikehald i Tokke kommune

Kan gjerast ved å privatisere kommunale vegar

d. ei vurdering av samanslåing av teknisk- og plan-/næringssetaten

Kjem som eiga sak.

e. å setje i gang straumeffektiviseringsstiltak som t.d. å montere reguleringssystem

Vurderar aktuelle bygg, samt aktuelle løysingar for system. Vurderar kost- og nytteverdien av dette.

f. ei vurdering av å innføre fast tillegg for utkallingsvakt på vatn/avløp

Vert vurdert utifrå tilgjengeleg mannskap og antall framtidig tilsette.

3.4 Investeringsbudsjettet - Handlingsprogram investering 2017-2020

Tokke kommune har i gjeldande ØP vedteke ei rekke investeringar i perioden 2017-2020.

Kommunestyret må nå ta stilling til om det skal gjennomførast nye store investeringar, prioritering av investeringane, og om desse skal dekkjast gjennom auke i låneopptak, av overskot i drifta eller av fondsmidlar. Investeringsplanen må tilpassast dette.

Den tilrådde investeringsplanen inneholder finansiering med nye låneopptak i tillegg til bruk av fondsmidlar, noko som krev litt meir kapitalutgifter i driftsbudsjettet frå 2017.

Investeringsplanen er betra med prosjektnummer på investeringsprosjekta og kolonne for ansvarleg planområde/tilvisar. Den inneholder også både opphavleg og revidert budsjett for 2016, slik at den gjev betre oversikt. Alle investeringsprosjekt som er sett opp i 2017 er prioritert. Prioriteringa er sett i parentes etter teksten i første kolonne. Prioritet (1) er prosjekt som er i gong som må fullførast eller vidareførast i 2017. Prioritet (2) er dei rådmannen meiner må prioriterast først i 2017, prioritet (3) dei som bør prioriterast i 2017 og prioritet (4) dei som kan prioriterast, men som og kan utsetjast til 2018.

3.5. Prioritering av investeringsprosjekt i 2017

- Oppgradering av vasskjelde Høydalsmo** Investeringsutgift: 1 000 000

Oppgradering for å tilfredsstille Mattilsynets krav. Sweco har utarbeidd prosjektplan, og arbeidet vert utført av eigne tilsette i teknisk etat. Ferdigstilling venteteg i 2018, samla budsjett kr 3,5 mill.

- Flaumsikring Dalen (NVE)** Investeringsutgift: 6 200 000 (eigendel)

Del 1 av flaumsikringsprosjektet, med overførte midlar på 1,2 millionar frå 2016, vert avslutta i 2017. Del 2 av flaumsikringsprosjektet er tenkt satt i gang i 2017, med ei kostnadsramme for kommunen på 6,2 millionar. NVE har fått statlege midlar til prosjektet, og det er derfor viktig for Tokke kommune å fullføre dette arbeidet. Heile prosjektet med del 3 er planlagt avslutta i 2018.

Totalt estimat for del 2 er satt til kroner 25 millionar, der NVE dekker 80 % av kostnadane.

Midlar til prosjektet har tidlegare stått på investeringsbudsjettet, dei vart fjerna i 2015, men er no inne att, etter at Staten har prioritert Tokkeå i forhold til løyvde midlar.

3. Teknisk utgreiing Skafsåhei Investeringsutgift: 250 000

Utgreiinga av Førsvatn som fortsatt mogleg resipient held fram i 2017. Dette gjev grunnlag for vurdering av dagens resipient, dagens reinseanlegg, kapasitet og beliggenhet.

Arbeidet vert fullført i 2017, etter tre år med prøvetaking.

4. Ny brannbil Investeringsutgift: 4 000 000

Brannbilen vert levert i løpet av sumaren 2017, jf tidlegare vedtak.

5. Oppgradering av skyljerom Investeringsutgift: 350 000

Skyljerommet på helsesenteret treng oppgradering for å hindre smitte. Oppgraderinga inneheld to nye bekkenspylarar og ei generell oppussing av rommet.

6. Oppgradering av bad helsesenteret Investeringsutgift: 300 000

Teknisk etat held fram saman med Helse og omsorg å oppgradere bad på helsesenteret. Prioritering av kva bad som skal pussast opp og tidsplan for oppussing vert gjort fortløpende av dei to etatane.

7. Oppgradering av kjøkken avdeling A Investeringsutgift: 500 000

Avdelingskjøkkenet på avdeling A på helsesenteret er i dag ikkje i bruk, på grunn av dårlig romløsing, gamle maskiner og for lite rom. For å kunne nytte kjøkkenet og gje ei god teneste til bebruarane vert eitt pasientrom gjort om til kjøkken, og dagens kjøkken gjort om til, og inkludert i, dagens eteareal.

8. IKT-prosjekt

Det er sett av 1 000 000 kr i samband med eit felles IKT-prosjekt med Vinje og Kviteseid. Formålet med prosjektet er å sjå på ein felles drift av kommunanes IKT-system.

9. Ipadar til folkevalde

Ipadane er 6 år gamle og må skiftast ut. Det er sett av 130 000 kr til dette.

10. Saunaprosjekt/ kunstinstallasjon

«Soria Moria» Tangane i regi av Regionalparken: Total utgift kr 4,0 mill. Eksterne midlar frå Sparebankstiftinga DNB på 2 mill er innvilga. Søknader til TIN (Telemark Interkommunale Næringsfond), Fylkeskommunen og TUF (Telemark utviklingfond) er under handsaming. Eiga sak om bygging og finansiering kjem til kommunestyret hausten 2016.

ENØK

ENØK – tilrår at 2017 går med til utgreiing av prosjektet og at ein på bakgrunn av det eventuelt ber om investeringsmidlar i 2018

4. PLANOMRÅDE 1 OG 6 – SENTRALADMINISTRASJONEN OG FELLES

4.1. Økonomi

- Planområde 1 har ei nettoramme for 2017 på kr 26 424 000.
- Planområde 6 er fellesinntektene til kommunen, som rammetilskot frå staten, konsesjonskraftsal, konsesjonsavgifter, skattar, eigedomsskatt frå verk og bruk, utbyte og renter.
- Fellesinntektene blir fordelt ut og utgjer nettoramma til kvart planområde.

4.2. Arbeidsområde og funksjon, årsverk og stillinger

- Planområde 1 har 12,9 årsverk fordela på 14 fast tilsette personar i sentraladministrasjonen. I tillegg er det 7,27 årsverk fordela på 14 personar som har verv eller anna tilsettjingsforhold, dette gjeld ordførar, varaordførar, tilsette i NAV (kommunal del), lærlingar på etatane, frikaup hovudtillitsvalde/tillitsvalde og hovudverneombod. Det er ein nedgang på 1,8 årsverk i høve til 2015/2016.
- Rådmannen er øvste leiar for administrasjonen, alle planområde.
- Ordførar er øvste leiar for kommunen, og er leiar for rådmannen på vegne av kommunestyret.

Politisk styring:

- Kommunestyret (KS) er øvste organ i kommunen.
- Formannskapet (FS) er plan og økonomiutval.
- Administrasjonsutvalet (ADM) er partssamansett utval for arbeidsgjevar og arbeidstakarsida i saker som gjeld tilsette/administrasjonen.
- Arbeidsmiljøutvalet (AMU) er partssamansett utval for arbeidsmiljøsaker.
- Råd for eldre og skal uttale seg på vegne av desse gruppene.
- Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
- Ungdomsrådet skal uttale seg på vegne av barn og unge.
- Drifta av dei politiske organa kosta kr 2,7 mill. i 2015. Godtgjering til ordførar og varaordførar er då rekna med. Berre godtgjering (med ordførar og varaordførar) var kr 1,9 mill. Sjølv om det er klårt at politisk verksemnd må koste pengar, meiner rådmannen det er rett å vurdere om den politiske strukturen er rett. Rådmannen tek sikte på å lage eige sak om dette i fyrste halvår 2017.

4.3. Utfordringar

Planområde 1 sine utfordringar:

- Økonomisk resultat og økonomistyring
- Organisasjonsutvikling, leiaropplæring og -utvikling
- Utvikling og finansiering av nye teknologiske løysingar

NAV :

Vidareføre Talenthust saman med Vinje – det er eit aktivitetstilbod til våre brukarar for å hjelpe dei tilbake til jobb . Det er eit tiltak som er finansiera både av stat og kommune.

- Aktivitetsplikt for mottakarar av økonomisk sosialhjelp blir nå innført. Vi har Talenthust, men det er og trong for kommunale tiltakslassar då det bare er på kommunale arbeidsplassar vi kan setje vilkår om arbeid. Heile kommunen må vera med å bidra her.
- Tiltaka i bustadsosialhandlingsplan skal vidareførast.
- Nav Tokke skal bidra til at brukarane vert moderne og vel sjølvbetjeningsløysingane på www.nav.no som fyrsteval.

Arbeidsløysa i kommunen har auka og det fører til at mange får dårlegare økonomi og har større behov for navtenester. Busetting av flyktningar betyr og fleire brukarar av navtenester, i første omgang økonomisk sosialhjelp.

I mai kom det ei stortingsmelding som skisserar store endringar for nav i framtida. Statsbudsjettet for 2017 legg opp til 0,5% reduksjon av ramma til drift av nav + effektivitetsgevinst i samband med innføring av digitale tenester. Dette vil føre til reduksjon i stillingar til nav. Drifta av Nav Tokke bygger på ein fordelingsnykel etter tal stillingar og det kan bli aktuelt å reforhandle samarbeidsavtala.

Den kommunale delen av nav har ifylge samarbeidsavtala mellom stat og kommune ansvar for :

- Klientbasert økonomi (økonomisk sosialhjelp – i dette naudhjelp og sosiale lån)
- Informasjon om tildeling av bustad, bustøtte, startlån og utbetringstilskot
- Formidle - og hjelpe til med bustad etter lov om sosialtenester i arbeids og velferdsetaten
- Gjeldsrådgjeving
- Rettleiing i økonomi
- Støttekontaktverksemnd(framlegg om overføring til helse og omsorg)
- Forvalte ordninga med friplass i barnehage
- Taka aktivt del i basisgrupper, nettverksgrupper og samarbeidsmøte
- Individuelle samtaler
- Utarbeiding av individuell plan
- Fylgjekort for funksjonshemma, parkeringsprov og TT-kort

Kyrkjeleg Fellesråd

Kyrkja høyrer til under planområde 1 på grunn av kommunale overføringer til Fellesrådet, men organisasjonen er sjølvstendig i høve til kommunen. Kyrkjeverja har levert budsjettnotat med utfordringar, mellom anna behov for å styrke stillingsressursane i kyrkja, vedlikehaldsbehov og investeringsbehov.

Det er lagt inn prisauke på 1,5% på overføringa til Fellesrådet, som då utgjer kr 3,558 mill. Behov det er gjort greie for må Fellesrådet finne rom for innanfor den auka ramma. Vedlikehalds- og investeringsbehov er teke med i vedlikehalds- og investeringsplanane frå teknisk etat.

Rådmannen vil peike på at Tokke og Vinje nå har fått felles presteteneste. Ein konsekvens av dette må vera at me ser på ei samanslåing av dei to kyrkjelege fellesråda og at kommunane på litt sikt får eit fellesråd og ei kyrkjeverje.

4.4. Mål i handlingsprogramperioden

Handlingsprogram - Planområde 1 og felles – Sentraladministrasjonen		
Mål nr.	Utfordring og tiltak	Mål
4.4. 1.	Interkommunalt samarbeid om felles IKT-drift Tokke, Vinje og Kviteseid har starta eit kartleggingsarbeid med mål å få etablert eit samarbeid om felles drift.	Eit samarbeid om felles drift må settast i verk i løpet av 2017 og dei andre kommunane i Vest-Telemark må kome med for å få størst mogeleg effekt av ei felles drift.
4.4. 2.	Frivilligsentral Etablere ein frivilligsentral i løpet av 2017	Kommunen har tatt initiativ til å samle interessentar som ynskjer å drive ein frivilligsentral, men det er ikkje noko mål at det er kommunen som sjølv skal drive den.
4.4. 3.	Kompetanseutvikling	Ta i bruk KS Læring som verktøy i kompetanseutviklinga.

5 Planområde 2 Oppvekst

5.1. Økonomi

- Planområde 2 har ei nettoramme for 2017 på kr 59 967 000.

LØNNSUTGIFTER FORDELT PÅ PLASSAR/BORN (INKL. ADMINISTRASJON)

	Samla løn	Born	Plassar	Løn Pr. born	Løn Pr. plass	
Høydalsmo skule	9 800 000	64		153 125		
Tokke skule	14 110 000	180		78 389		
Tokke skule Åmdals-Verk	1 205 000	10		120 500		
Høydalsmo barnehage	2 230 000	16	21	139 375	106 190	
Høydalsmo bhg. Lårdal	2 105 000	9	14	233 889	150 357	Inkl. SFO ***)
Dalen barnehage	8 100 000	54	65	150 000	124 615	**)

**) Alle tal pr. 01.11.16*

- I oversynet ser ein lønskostnader pr. born/plass. Tabellen syner at struktur har stor innverknad på einingskostnadane. Ynske om desentralisert struktur har direkte innverknad på einingskostnadane, som òg blir avspeglia i kommunebarometeret.
- **) Dalen barnehage har lengre opningstid enn dei resterande barnehagane, som krev større bemanning.
- ***) SFO born kjem i tillegg (2), det reduserar einingskostnaden noko (men dei nyttar tilbodet mindre).

5.2. Arbeidsområde og funksjon, årsverk og stillingar

- Planområde 2 har 86,6 årsverk pr. 01.10.16 – nye tiltak som dette inkluderar: vaksenopplæring, flyktningstenesta (nytt i år). Nedskjering med årsverk på skule og barnehage (innsparing i budsjettet i 2016) - fordelt på om lag 100 stillingar/120 tilsette.
Det er ein nedgang i etaten med 0,7 årsverk, fordelar seg slik:

Mellombels stenging av Bytte:	Reduksjon med 1,2 årsverk
Auke i flyktningstenesta/vaksenoppl:	Auke med 3,2 årsverk
Budsjettreduksjon for 2016:	Reduksjon med 0,7 årsverk
Reduksjon i bhg. for redusert barnetal	Reduksjon med 2 årsverk

 *) Etaten har justert talet på tilsette i bhg./SFO, ut frå bornetalet.
Desse årsverka er ikkje innarbeida i lønnsbudsjettet, men vil ved endra barnetal måtte aukast att hausten 2017. Men det veit ein ikkje før etter søknadsfristen i 2017.
- Oppvekstsjefen er øvste leiar for administrasjonen
- Hovudutval for oppvekst handsamar saker innafor området

5.3. Utfordringar

Planområde 2 sine utfordringar:

Barnehage, skule og kulturskule:

- Kompetanse i barnehagen (situasjonen er under endring)
- IT situasjon; det er i 2016 løyst mykje av utfordringa, men det står framleis attende trøng for dei lågare klassetrinna og pedagogisk personale (både i barnehage og skule) – trøng for ein langsigting plan for innkjøp og utskifting av IT-utstyr. Ein legg til grunn 4 års levetid på maskiner til elevar og 5 års levetid til pedagogisk personale
- Nye utdanningskrav i grunnskulen (basisfaga) – me har pt. ikkje nok fagkompetanse til å tilfredsstille nye utdanningskrav. Det vil vere trøng for at fleire lærarar nyttar seg av statlege ordningar med vidareutdanning
- Utviklingsplan for barnehagen
- Utviklingsmål for barnehage og skule
- Vikarutgifter i planområde 2

Flyktingtenesta:

Opplæring i skule og vaksenopplæring
Bustadsituasjonen – treng avklaringar
Lokalisering av vaksenopplæringa treng endeleg avklaring

5.3.1 Merknader til innsparingsforslag i tabell 3:Gjeld: Innsparingsframlegg 2.7 – 2.8 – 2.9 og 2.10

Rådmannen legg til grunn at Formannskapet har kravd framlegg til innsparing, som kan gje ei innsparing på 1,5% i netto driftsresultat.
Rådmannen ser seg nøydd til å peike på moglegeheitane ein har til innsparing på strukturendringar, då føresetnadane er monaleg endra etter kommunestyrets vedtak i juni.

Ved strukturelle grep, har rådmannen denne prioriterte rekjkjefølgje:

1. Tokke skule Åmdals-Verk blir lagt ned
2. Dalen barnehage Åmdals-Verk blir lagt ned *)
3. Høydalsmo barnehage Lårdal blir flytt til Høydalsmo
4. Ungdomstrinnet blir samla ved Tokke skule

*) Ein føreslår å legge ned Dalen barnehage Åmdals-Verk før Høydalsmo barnehage Lårdal, då det er eit investeringsbehov ved å legge ned drifta i Lårdal.

Rådmannen meiner det er ikkje skulle vere noko som skulle tilseia, at ein ikkje kan eller bør gjennomføre desse fire strukturelle endringane.

Gjeld: Ytterleg reduksjon i bemanninga for barnehagen – rådmannens vurdering:

Allereie i barnehagen legg ein grunnlaget for barnets utvikling og grunnlag for faglege prestasjoner i skulen. Investering i tideleg innsats veit ein gjev best effekt og resultat.

Bemanninga blir tilpassa den faktiske søknaden om barnehageplass, det er derfor lagt inn ei innsparing med 2 årsverk neste barnehageår.

Rådmannen vil ikkje tilrå ytterlegare innsparing på bemanninga i barnehagen, om ein ikkje vil gå for strukturelle endringar. Då ein meiner det kan ha negative konsekvensar på tilbodet ein gjev borna.

Gjeld: Ytterleg reduksjon i bemanninga for skulen – rådmannens vurdering:

Skulen har dei siste åra hatt stor reduksjon i talet på årsverk. I budsjettframlegget ligg det inne framlegg på ein reduksjon med 1,8 årsverk.
Ved ein ytterlegare reduksjon, utover strukturelle grep, vil ein redusere omfang av tideleg innsats og styrking i enkeltklasser. Det vil truleg medføre auka trøng for spesialundervisning og ein kan få negativ effekt på læringsresultat.

Gjeld: reduksjon i leiing – rådmannens vurdering:

I juni 2012 var det halde årleg dialogmøte mellom kommunen og Fylkesmannen.
Utdanningsdirektøren peika på nokre negative utviklingstrekk på grunnskulen i Tokke, blant anna ein høg andel med elevar som har vedtak på spesialundervisning og stor andel av elevane på låge meistringsnivå i nasjonale prøver.

Utdanningsdirektøren tilrådde at me sökte om rettleiing som direktoratet gjev tilbod om. I tida med rettleiing har det vore gjort omstillingsprosessar i leiinga og ein har retta fokus mot fagleg utvikling og ikkje berre drift. Rolla som leiar (styrar/rektor) har blitt betydeleg meir omfattande – som leiar har du ansvar for drifta og det faglege, det siste har blitt betydeleg meir omfattande den siste tida. Med god innsats av leiing og tilsette, har ein klart å fått positive utviklingstrekk både på andel elevar med vedtak og heving av fagleg prestasjonar på nasjonale prøver. Dette er ei utvikling som ikkje kjem av seg sjølv og ein treng leiing som er tett på det som skjer på avdelinga eller klasserommet. Rådmannen vil peika på at ein må ha tid til leiing for å få prestasjonar, ein reduksjon i tid til administrasjon vil kunne medføre at ein ikkje held på dei dyktige leiarane me i dag har, då rammene for å skape ein god barnehage og skule ikkje er tilstades.

FORSKING SYNER:

Blant anna Nordenbo mfl. 2010 og Hattie i 2009 seier:

Kva er viktigast for god læring hjå elevane? (prioritert rekkjefølgje):

Læraren; for å gjere læraren god, treng ein fagleg utvikling og kollegaer for å drøfte problemstillingar med.

Skuleleiing; skular med dyktig leiing oppnår betre resultat enn skular der ein ikkje har ei skuleleiing med fokus på det pedagogisk arbeidet ved skulen. *)



**) Skuleleiing er definert som heile leiingspyramiden hjå skuleleiinga i kommunen dvs. leiing i følgjande pyramide. Det er viktig at oppvekstsjefen er pådrivar og motivator for resten av organisasjonen.*

5.4. Mål i handlingsprogramperioden

Handlingsprogram - Planområde 2		
Mål nr.	Utfordring og tiltak	Mål
5.4.1.	«Vurdering for læring»	Vidareføring i 2017
5.4.2.	«Aktiv og synleg kulturskule» Tokke kulturskule skal bli ein viktig ressurs og kompetansesenter for kultur.	Organisere vår verksemd i tråd med den nye rammeplanen for Norske kulturskule – samarbeid i regionen.

		Sikre og styrke eit godt samarbeid mellom kulturskule og heim. Opprette eit samarbeidsutval for kulturskulen.
5.4.3.	Kompetanseheving	<i>Barnehagen:</i> Kompetanseheving med fokus på det pedagogiske tilbodet.
		<i>Skulen:</i> sikre naudsynt kompetanse i basisfaga, som stettar lovkrav
		<i>Vaksenopplæring:</i> kompetanse på undervisning ovanfor flyktningane
5.4.4.	«Utforming» av undervisninga for flyktningar i skulen og vaksenopplæringa	Det er trøng for å vurdere organisering av undervisningstilbodet for born av flyktningar i grunnskulen og vaksne i vaksenopplæringa.

Høydalsmo barnehage:

Det er vurdert tre ulike alternativ i forhold til ny/utbetring av barnehagen i Høydalsmo.

- ◀ Utbetring av eksisterande barnehagebygg
- ◀ Nytt bygg
- ◀ Bruk av eksisterande kommunale bygg i Høydalsmo

Grunna den økonomiske situasjonen, har rådmannen vurdert å ikkje kostnadsrekne dei ulike prosjekta.


6. Planområde 3 Helse- og omsorgsetaten

6.1. Økonomi

Planområde 3 har ei nettoramme for 2016 på kr 69 175 000.

Dei siste åra har helse og omsorgsetaten hatt eit stort overforbruk. Overforbruket er til største del knytt til stillingar og lønnskostnader. For å få til ei sunn drift så må etatens utgifter reduseras til eit nivå som er riktig i forhold til tenestebehov.

Folketalsutviklinga synar at andel personar over 60 aukar fram mot 2040.



Tokke kommune ligg høgare enn andre kommunar på fleira av tenesteområda.

Telemarkforsking sin rapport synar til at helse og omsorgsetaten i Tokke kommune har eit høgt forbruk i forhold med andre jamfør bare kommunar. Det er spesielt innanfor legeteneste, institusjon og heimebasert omsorgs tenestar. Rapporten visar til ei undersøking frå 2004, som konkluderer med at bemanningsfaktor for sjukeheim har eit nasjonalt snitt på 0,79 for sjukeheim. Det er å merke seg at samhandlingsreforma starta opp 2008 og nye utfordringar har komme til, snittet på bemanning bør derfor oppgraderas i nokon grad.

Grunnen til at vi ligg høgare innanfor legetenesta er at vi brukar mykje resursar på legevakt, både menneskelege og økonomiske. Det er i gong eit samarbeid for å sjå på modeller for legevakt, som kan fylla de nye krav som kjem i framtida. Kommunebarometeret synar at Tokke kommune ligg godt på kvalitet i helsetenestane, som nr 14 totalt i landet, nr 2 i fylket.

Helsestasjon og skulehelsetenesta har tidligare lege høgt i forhold til andre kommunar. Det kan ha å gjera med at det blir bruka ein del resursar knytt til vidaregåande. Utviklingsstrategi for helsestasjon og skulehelsetenesta frå 2010 har normera helsesøsterresursar knytt til kvar elev og born. I forhold til den så ligg Tokke kommune akkurat innanfor krav til helsesøster, når det blir tatt omsyn til skulehelsetenesta på vidaregåande. Per 200 ungdomar skal det vera knytt 26 % helsesøsterstilling. For å ivaretaka flyktningarbeidet, så er det behov for auka bemanning på helsestasjon. Det er eit svært tidkrevjande jobb, som krev mykje for og etterarbeid.

IPLOS data for 2015 visar at Tokke kommune har høg dekkingsgrad på heildøgns omsorg på 24,6 % , mot landets 17 – 20 % . Dekkingsgraden målas utifrå antall plasser med heildøgns omsorg i forhold til antall eldre over 80 år. Heimetenesta har også høg dekkingsgrad.

Telemarksforsking synar og til at ATA (ansikt til ansikt tid) i Tokke kommune ligg rundt 60 %, mens planlagt tid bør ligge opp mot 80 %. Eigen statistikk synar at fleire av områda har høg ATA tid, til døme heimehjelp (97 %), psykisk helse (78 %) og Åheim bufellesskap (83 %), mens Høydalsmo alderspensjonat og heimesjukepleia (69 %) har noko lågare ATA tid. Ei måling i september visar følgjande ATA tid:

På kommunebarometeret ligg eldreomsorgen på plass 246 i landet.

		0833 Tokke	Kostgruppe 03	Telemark	Landet uten Oslo
		2015	2015	2015	2015
Pleie- og omsorgstjenestene samlet					
Prioritering					
Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter, konsern	Prosent	32,2	32,5	33,7	30,9
Institusjoner (f253+261) - andel av netto driftsutgifter til plo, konsern	Prosent	50,5	48,9	41,3	44,4
Tjenester til hjemmeboende (f254) - andel av netto driftsutgifter til plo, konsern	Prosent	48,7	46,8	53,0	50,3
Aktivisering, støttejenester (f234) - andel av netto driftsutgifter til plo, konsern	Prosent	0,8	4,3	5,7	5,3
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgtjenesten, konsern	Kroner	28 332	21 140	18 692	16 197
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 80 år og over, konsern	Kroner	448 120	385 137	373 007	371 159
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 67 år og over, konsern	Kroner	152 597	120 303	110 796	109 336
Hjemmetjenester					
Prioritering					
Dekningsgrader					
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 0-66 år	Antall	37	23	25	21
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 67-79 år.	?	105	89	72	68
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 80 år og over.	?	310	382	341	329
Produktivitet/enhetskostnader for hjemmetjenester					
Korrigerede brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner), konsern	Kroner	245 057	222 961	249 835	237 314

Tabell1.

6.2. Årsverk og stillinger

Planområde 3 har 98,42 årsverk fordela på 156 tilsette.

Det siste året har etaten spart 100 % stilling som omsorgssjef. I tillegg har det vart redusert i konsulentstilling i etaten og den var fjerna frå legekontoret, det gjer at 40 % stilling totalt er redusert gjennom 2015 -2016. For å gjera større innsparinger så trenger etaten gjera større grep og interne endringar. Endringane må gå over tid, det beror på at det er nokon tenestar som er tildelt, som må avsluttas.

6.3. Utfordringar

Omorganisering og effektivisering

Det er gjennomført ei omorganiseringsprosess i etaten, som skal realiseras i løpet av åra som kjem. Det er foreslått endringar i første omgang i organisering av avdelingar og drift, men og ei effektivisering i forhold til samdrift og styring av innsatsområder. Det er svært viktig at tenestane blir dreia mot førebygging på alle område, for å få redusert det framtida behovet og utgifter.

Etter at helse- og omsorgsetatane var slått saman i 2015, har helseetaten ikkje hatt hensiktsmessig leiing og organisatorisk plassering. Det er svært viktig å få leiing på plass i alle deler av organisasjonen, både for å få god styring på tenestane, men ikkje minst å få personalleiing på plass. For å få ei leiarstilling som kan ivaretaka heile avdelinga er det foreslått at noko resurs frå legekontoret blir omdisponert og at avdelinga blir organisatorisk lagt saman med dei andre avdelingane i omsorg. Det er også foreslått at kjøkken, som har vore ei eiga avdeling, blir lagt under institusjon. Resultatet blir då fire avdelingar i helse og omsorgsetaten: institusjon, heimebasert tenestar, Åheim bufellesskap og avdeling for helsetenestar.

Etaten gjennomfører i dette handlingsprogrammet ei rekke effektiviserings- og omstillingstiltak som til saman vil gje ei innsparing. Innsparinga forventar en å oppnå gjennom blant anna reduksjon av institusjonsplasser og strammare tildelingspraksis i heimebaserte tenestar. Det er foreslått at å

oppretta ei fast stilling på tildelingskontoret. Gjennom 2015 - 2016 er det, gjennom intern omrokking, bruka resursar på ei stilling, på det som blir omtalt som tildelingskontoret. Dette har vart ei svært god ordning, som har letta arbeid for avdelingsleiarane og som har sikra brukarane sine rettigheitar og i tillegg sikra riktig lov handtering av søknader om omsorgstenestar. Tenestetildelinga skal fortsatt sikre lovpålagte og forsvarlige tenestar. Det er og ynskjeleg at tildelingskontoret tar over tildeling av vedtak for alle tenestar som nå er lagt til NAV – tildeling og oppfølging av støttekontakt. Det betyr at NAV vil overføre stillingsheimel, som blir lagt til stilling på tildelingskontoret. Det er svært viktig at denne stillinga blir lokal. Tildeling av tenestar heng tett saman med kvalitetsarbeid. I tillegg er det ei kompetanse som brukas dagleg, då det fortløpende blir gjort mange vurderingar.

For å spare ressursar så må me inn å sjå på ressursbruken i heimetenesta. Det er lagt inn forslag om å spare stillinger gjennom å legge om drifta på Høydalsmo alderspensjonat og legge drifta inn i ordnært arbeid i heimetenesta. Det må gjerast alternative innsparinger gjennom innføring av multidose for heimetenesta og psykisk helse, i tillegg til å redusere tenestenivået. Samstundes må me sjå på kva konsekvensar omlegginga av reduksjonen av institusjonsplassar vil ha for tenesta.

Omorganiseringa omfattar i tillegg ei satsing på ei sikring og kvalitetsauke for brukara av omsorgstenesta, gjennom arbeid med nettverket «Nytt Blikk». Mykje deltid er uheldig både for kvaliteten av tenestane men og for rekruttering av kompetent arbeidskraft . Eit nytt syn på arbeidstidsordningar vil være med på å skape ei god og framtidsretta ordning for både brukarar og tilsette. Dette vil krevje endring i arbeidstid og turnus, men vil på sikt være eit tiltak for å stabilisere tilstrekkeleg kompetanse på jobb til ein kvar tid

6.3.2. Utfordringar og fokusområde

Samhandlingsreforma og fordeling av oppgåver mellom kommune og spesialisthelsetenestene fortsetter. Det vil fortsatt vera svært viktig å oppretthalde styrka satsing på tenestar som skal bidra til at innbyggjar med pleie- og omsorgsbehov, skal kunne bo lengst mogeleg heime. Demensomsorg, rusomsorg, velferdsteknologi og rehabilitering/kvardagsmeistring er sentrale satsingsområder, men og område der kompetansekrava blir sterke. Frå 2020 vil det bli lovpålagt med dagaktivitet for demente.

Førebygging vil fortsatt vera eit fokusområde for alle tenestar i helse og omsorgsetaten. Framfor alt gjeld dette born og unge. Nasjonalt er dette eit satsingsområde det er lagt stor vekt på. Tokke kommune har gode tenestar til born og unge og ei vidareutvikling av lavterskelttilbod vil vera relevant. Det gjeld spesielt i forhold til tverrfageleg arbeid.

Det vil i handlings programmet fokuseras på styring av oppgåver og utvikling av kompetanse i større grad enn tidlegare. Klare avgrensingar av kva som skal vera kommunale oppgåver vil vera viktig for at innbyggjarane skal kunna planegge sine liv og sin alderdom. Fokusområde for styrking av kompetanse, som er nødvendig for kommunane, vil vera dei innsatsområde som er nasjonal satsing: rehabilitering, kreft, demens, KOLS og rus og psykisk helse, samt born og unge.

Regjeringa har varsla ei auke i arbeid med rus og psykisk helse. I Tokke kommune har enn dei siste åra hatt stort trykk på tenesta for psykisk helse og rus. Det er i årets budsjett lagt in ei reduksjon i psykisk helsetenesta med 40 % stilling. Grunnen til dette er at i Telemarksforskins rapport er det foreslått ei reduksjon i psykisk helse, på grunn av at enn forholdsvis brukar meir til denne typa av tenestar i Tokke kommune jamført med andre kommunar. Gjennom eit tettare samarbeid med

heimetenesta er det mogelegheit for ei reduksjon i tenesta for året 2017. Dette må vurderast frå år til år utifrå antall brukarar og behov.

Samhandlingsreforma fortsetter og frå 2017 skal det innføras nye øyeblinkkeleg hjelp plasser for psykisk helse og rus. Dette vil krevja ei auka innsats for kommunane, og det vil krevja meir av andre delar av tenestane og meir og tettare samhandling og samarbeid.

Leiing vil vera viktig for helse og omsorgstenesta, noko som og er eit nasjonalt satsingsområde. For å klare å styre tenestane i større grad er det viktig å stille i stand gode leiarar som er både fageleg kompetente og som kan drive tenestane mot planlagt og ønskeleg retting.

Ei anna utfordring som bør prioriteras er kva for alternative dagtilbod Tokke kommune har behov for. Det er fleire forskjellige grupper som har behov for dagaktivitetstilbod. Per i dag er kjøper vi og dagtilbod for fleire på KVITO. For å få tilbod på KVITO så må brukarane vera relativt godt fungerandes og vera i stand til å jobba i stor grad sjølvstendig. Vi ser at det ikkje passer alle brukarar, så det blir viktig å sjå på kva vi kan få til i eiga kommune. Det økonomiske biletet må og sjåas på i samanheng med fleire tilbod som kan samordnas. I perioden 2012 -2016 har utgiftene auka med omrent 500.000.

6.4. Mål i handlingsprogramperioden

Mål nr.	Utfordringar og tiltak	Mål
6.4.1.	<p>Sikra fageleg kvalitet og heilskap i tenestane.</p> <p>Indikator: Etablara eit kompetent og effektivt tildelingskontor</p> <p>Utforming og innhald i omsorgstenesta skal medverka til at brukaranes behov for tenestar bli ivaretake og gjer moglegheit for mestring av eiga liv og deltaking i fellesskapet.</p> <p>Indikator:</p> <p>Kvardagsmeistring skal vera eit etablara og systematisk tilbod i Tokke kommune.</p> <p>Forprosjekt for alternative dagaktivitetar for forskjellige brukargrupper.</p>	<p>«Tokke skal være eit samfunn der innbyggjarane er trygge og kjenner seg velkomne»</p> <p>Kommunens tenester er like tilgjengelege, har like kvalitet og gjer like godt resultat uavhengig av brukarens kjønn, entitet, religion eller livssyn, funksjonsevne, seksuelle orientering</p>

6.4.2	<p>Gjennomføre omorganisering i etaten, for ei meir effektiv og tydleg teneste, i tråd med anbefalingar i «Rapport organisering av helse og omsorgstenestane i Tokke kommune»</p> <p>Indikator:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Oppretta ny avdeling for helsetenestar - Kjøkken blir lagt in under institusjon - Oppretta tildelingskontor 	<p>«Tokke kommune skal vera ein trygg og god stad å bu, leve og vekse opp i»</p> <p>Helse og omsorgstenesta har ei organisering som står fram som ei samla eining for våre brukarar, som er robust og effektivt løyser våre oppgåver, og som er tydeleg i ansvar og roller.</p>
6.4.3	<p>Arbeide med alternative turnusordningar som er med på å sikra dagleg drift og utvikling i etaten</p> <p>Indikator:</p> <p>Andel tilsette med ufrivillig deltid er redusert</p> <p>Medarbeidarar gjevas rom for fridom, initiativ og medbestemmelse i eige arbeid. Ha et helsefremmende arbeidsmiljø og jobbe aktivt for å få ned sjukefråværet</p>	<p>«Tokke kommune rekrutterer, utviklar og arbeider for å ha god kompetanse i organisasjonen»</p> <p>Rekruttere og behalde personale</p> <p>Redusere sjukefråvær</p>
6.4.4.	<p>Indikator:</p> <p>Antal leiarar som har gjennomgått vidareutdanning i leiing</p> <p>Antal tilsette som har starta opp og gjennomgått kurs KS Læring</p> <p>Auka satsing på kompetanseheving innanfor fokusområde (demens, rus og psykisk helse, kreft, KOLS og rehabilitering)</p> <p>Indikator:</p> <p>Team er etablert innanfor alle innsatsområde</p>	<p>«Tokke kommune skal vere ein ettertrakta arbeidsplass og ein arbeidsgjevar som kan tilby utfordrande og interessante arbeidsoppgåver i eit godt arbeidsmiljø»</p> <p>Leiarar og etatens medarbeidarar har kompetanse til å møte aktuelle utfordringar.</p>

6.5 Investeringsbehov

6.5.1 Oppgradering skyljerom institusjon

Skyljerom på institusjon er ikkje restaurera på mange år og nå er behovet prekært. Dekonterminator som gjer reint utstyr har vore reparera på av vaktmeistar fleirfaldige gonger. Det er eit prioritert tiltak jf smittevern.

Kostnad: 350.000,-

6.5.2 Ombygging av avdelingskjøkken/matrom avd A institusjon

Avdeling A har ikkje eit fungerande kjøkken. Nå fraktas all oppvask ut til hovudkjøkkenet for å vaskes. Institusjonen er gamal og når drifta skal leggjast om er det behov for å sjå på fellesareala i tillegg. I tillegg ville dette vera med på å organisere arbeid rundt måltider på ei betre måte, så at matsituasjonen ville bli roligare for pasientane. Matromet på avdeling A er eit rom som er opent og ligg opp mot ein gang. Det er behov for å få eit meir skjerma og roleg matrom for bebuarane på avdeling A med eit eiga kjøkken.

Kostnad: 300 .000,-

6.5.3 Tiltak som ikkje er prioritera i år:

Bygging av forsterka omsorgsbustad

Carport heimetenesta - heimesjukepleiar brukar mykje tid kvar morgen på vinteren til å måke bilane før dei reiser ut. Tid som kan brukas betre til andre oppgåver.

Ombygging av felleskjøkken

Nykelsystem for helse og omsorgsetaten

7. Planområde 4 Plan, næring og kultur

7.1. Økonomi

- Planområde 4 har ei nettoramme for 2017 på kr 13 652 000.

7.2. Arbeidsområde og funksjon, årsverk og stillinger

- Planområde 4 har 10,85 årsverk fordelt på 19 tilsette.
- Plan- og næringssjefen er øvste leiar for administrasjonen.
- Utviklingsutvalet (UTU) handsamar saker innafor områda reiseliv, landbruk og kultur. Formannskapet som næringsutval og planutval handsamar saker kring kommunale eigedomar, næringsareal, reguleringsplanar, kommunedelplan m.m.
- Næringssaker og plansaker går til formannskapet som er nærings- og planutval.

7.3. Utfordringar

Etter fleire år med innsparingar har PNK – etaten nå lite midlar tilgjengeleg utover ordinær drift, og dermed lite kapasitet til å drive næringsarbeid, større prosjekt-, plan- og utviklingsarbeid.

Potensiale for ytterlegare kutt i PNK – etaten ligg på ikkje lovpålagte stillingar og tenestar, dvs innan kultur, barne- og ungdomsarbeid, reiseliv, næringstilskot og sommarjobb for skuleungdom.

Næring:

Av totalt 7 mill i årlege konsesjonsavgiftsinntekter i Tokke, som primært skal gå til næringsføremål, vert 3,5 sett av til næring direkte. 1,6 til næringstiltak og nesten 2,0 har dekt næringssarbeid i administrasjonen: 50% av stilling til PNK-leiar, 50% kulturhusleiar/ næring, reiselivskonsulent og landbruksjef. Kulturhusleiarstilling er ikkje vidareført, men tilskot til landbruk på 0,5 mill er lagt inn i ramma for 2017. Resten av konsesjonsavgiftsinntektene går til nedbetaling av lån.

Landbruksforvaltninga mottek om lag 1,5 mill årleg i statlege midlar.

For å ha kapasitet til å jobbe meir utadretta med næringssarbeid, er det behov for auka ressursar. Primært er det ynskje om ei stilling til dette, alternativt avsette midlar til innleige. Satsinga kring etableringa av næringshage, nyetableringar, attraktivitet/ bulyst m.m. er viktig for å kunne følgje opp nyleg vedteken samfunnsdel og næringssplan.

Visit Telemark er under omorgansering, og føreslått modell for framtidig finansiering inneber ei auka årleg utgift for Tokke kommune på 85 000,-. I K - sak 16/1 om reiselivsorganiseringa vedtok Tokke m.a. at midlar til å dekke auka utgifter skulle søkjast frigjort gjennom ei opprydding av regionale selskap der Tokke i dag bidreg finansielt. Dette er ikkje avklara og vi må difor kome attende til endeleg organisering og finansiering av Visit Telemark og konsekvensane av dette.

Faste utbetalinger Næringstiltak:

Telemarkskanalen Regionalpark (eigarskap)	200 000,-
Skien – Dalen Skipsselskap	100 000,-
Skafsaheia Løypelag (årleg tilskot jfr avtale om drift)	120 000,-
Dalsmarken (tidlegare 80 000,- redusert 2016)	30 000,-
Tokke Båttag (sak skal opp før 2017 – sesong)	20 000,-
Henrik Ibsen (praksis på lik line med Victoria)	100 000,-
Vandre Telemark (ut 2017) ny organisering	45 000,-
Tilskot marknadstiltak (Næringsamskipnad)	45 000,-
Haukelivegen AS	22 500,-
TOTALT, næring	682 500,-

Plan: Ei eventuell omorganisering mellom PNK og teknisk kan på sikt gje innsparinger i stillingar, men vil på kort sikt fyrst og fremst gje betre utnytting av dei faglege ressursane. Gebyrinntekter frå kart- og oppmåling utgjer årleg omlag 600 000,-, byggjesak 250 000,- og plan 50 – 100 000,- , totalt omlag 900 000,-.

Det er i gang ny nasjonal kartlegging av alle kommunar i landet i regi av Statens kartverk (lasercanning 2 pkt/m²). Kommunane, saman med andre aktørar som nyttar kartdata som t.d. Statens vegvesen og kraftselskapa, får i samband med dette tilbod om å kunne få betre kvalitet til 5 pkt/m² på kartdata for utvalde område som er særleg aktuelle i samband med utbyggingar (sentrum, vegar, utbyggingsområde). Dette er eit tilbod vi kjem til å få nå, i prosjektet som strekkjer seg over 3

– 4 år. Kostnadene kan vi fordele over desse åra. Vi er i dialog med kartverket om aktuelle område, og har ikke per i dag oversikt over kostandene. Viss prosjektet kjem i gang i 2017, vil vi søkje å dekkje utgiftene innanfor ramma vår på plan/ kart/ oppmåling.

Planstrategien har ikke føringar med oppstart av planarbeid i Høydalsmo og på Dalen. Det vil vere behov for innleige av plankapasitet for å gjennomføre omfattande reguleringsplanarbeid som dette.

Kultur:

Lønsmidlane på vakant stilling innan kultur- og idrettskonsulent ligg i ramma for 2016. I samband med overføring av kultur til oppvekst kan dei administrative ressursane nyttast betre og det er framlegg om innsparing på 60% stillings som følgje av dette. Stillinga er viktig for å kunne yte dei tenestane mot born og unge, lag/ foreiningar, kulturinstitusjonar, reiseliv/ næring og for å søkje om eksterne midlar t.d. spelemiddelsaker og andre ordningar.

Stilling som kulturhusleiar vart trekt inn i 2016. Oppgåver knytt til kulturhusorganisering er løyst mellombels gjennom innleige og intern omfordeling av oppgåver. På sikt er også desse oppgåvene tenkt løyst gjennom omorganisering av kultur til oppvekst og bruk av stillingar der.

Vedtak om auka støtte til Grimdalsmuseet i samband med konsolidering med VTM, K-sak 16/3: *Tokke Kommune løyver med verknad frå 1.1.2017 kr. 200.000,-. Denne summen kjem i tillegg til dagens løyving på kr 140 000. Finansiering: Budsjett 2017- Økonomiplan 2017-2020.* Vi tilrår auke innanfor kulturbudsjettet, sjå tabell 4.

Faste utbetalingar kultur:

Kulturmidlar, lag og foreningar	130 000,-
Kulturmidlar, fordeling idrett	165 000,-
Vernepris	10 000,-
Sponsormidlar	20 000,-
Kulturprisen	20 000,-
TV – aksjonen	18 000,-
Lårdal ungdomshus	15 000,-

Tilskot til private rendehus:

Eidsborg rendehus	54 500,-
Mo rendehus	54 500,-
Austheii rendehus	31 000,-

Tilskot til idrettsanlegg:

Høydalsmo IL (skiløyper)	60 000,-
Telemark hoppanlegg (Huka) (auke 2015)	100 000,-
Åmdal IL	40 000,-

Totalt tilskot kultur **718 000,-**

I tillegg kjem tilskot til museum:

Rentestøtte VTM (2015)	475 000,-
Tilskot VTM	848 000,-
Totalt tilskot museum	1 323 000,-
TOTALT, TILSKOT KULTUR INKL MUSEUM 2015:	2 041 000,-

Tokke ligg på topp i Telemark når det gjeld utgifter til kultur per innbyggjar. Omlag 7 mill av dette ligg innanfor PNK sitt ansvar: Kulturadministrasjon, kulturhus/ samfunnshus/ idrettsanlegg, faste tilskot museum og lag/ foreiningar, ungdomsklubb og bibliotek. Resten av utgiftene er knytt til drift av kulturhus, kulturskule og avskrivingar på kulturygg.

KOSTRA-TAL KULTUR 2015 (1000 kr)					Avskriving	
Funksjon	Ansvar	Brutto driftsutg.	Driftsinntekter	Netto driftsutg.	Ansvar 642	Total
231 431, 432, 110, 581	Akt. tilbod born og unge	1030	184	846	0	846
370 441, 442, 111	Bibliotek	1669	326	1343		1343
373 421 Kino		29	33	-4		-4
375 423, 453, 110	Museum	1512	185	1327		1327
380 432, 423, 454, 422, 411	Idrett	915	124	791		791
381 422, 432, 581, 582	Kommunale idrettsbygg og -anlegg	1903	618	1285	593	1878
383 231, 110	Kulturskulen	3592	405	3187	0	3187
385 410, 411, 420, 422, 423	Andre kulturaktivitetar	1930	282	1648	29	1677
385 432, 433, 454, 581						
386 422, 431, 581,110	Kommunale kulturbygg	4121	300	3821	3088	6909
	Sum	16701	2457	14244	3710	17954
	Prinnbyggjar: (avskriving korrigert ned etterpå med ca 1 mill.)					7,9867 dvs kr 7 987

Investeringar:

Saunaprojekt/ kunstinstallasjon «Soria Moria»Tangane i regi av Regionalparken: Total kostnad 4,5 mill. Eksterne midlar frå Sparebankstiftelsen DNB på 2 mill er innvilga. Søknader til TIN (Telemark Interkommunale Næringsfond), Fylkeskommunen og TUF (Telemark utviklingfond) er under handsaming. Eiga sak om bygging og finansiering kjem til kommunestyret hausten 2016.

Sal av kommunale eigedomar

For å vere aktive eigalar av hytteområda som er i kommunal eige på Hallbjønnsekken bør kommunen m.a. investere infrastruktur, og vere pådrivarar for utvikling og sal av tomter. Dette har vi lite ressursar til. Kommunen som eigar av hytteområde på Skafsaheia gjev oss dessutan ei dobbeltrolle sidan vi er eit forvalningsorgan. Sal av eigedomen kunne ha tilført midlar avsett til investeringar/ Kommunen eig òg fleire utmarkseigedomar som ikkje er aktuelle å nytte til bustad- eller næringsområde, og som kan vere aktuelle å leggje ut for sal.

7.4. Mål i handlingsprogramperioden

Handlingsprogram - Planområde		
Mål nr.	Utfordring og tiltak	Mål
7.4.1	Etablering av næringshagebygg og næringshagemiljø på Dalen. Aktive i ByReg – programmet regionalt, og i næringshagearbeidet lokalt.	Nye arbeidsplassar, styrke kompetansemiljø og utvikle næringslivet gjennom lokalt og regional samhandling-
7.4.2	Etablering av språkkafè og fysisk tilrettelegging av lokalitetane på kulturhuset.	Utvikling av kulturhuset og biblioteket som møteplass.
7.4.3	Bruke nettverk og kompetanse i Byreg – programmet si gruppe om bustadattraktivitet for å vurdere nye, aktuelle område. Starte reguleringsplanarbeid Dalen og Høydalsmo etter planstrategien si prioritering.	Synleggjering av bustadtomter, samt finne nye, aktuelle område for attraktive tomter.

7.4.4	Starte arbeidet med sal av kommunale utmarkseigedomar og utbyggingsområde på Hallbjønnsekken.	Styrke fondsavsetjinga, redusere arbeid med forvaltning av eigedomane og unngå dobbeltroller.
-------	---	---

8 Planområde 5 Teknisk

8.1. Økonomi

- Planområde 5 har ei nettoramme for 2017 på kr 17 457 000.

Dei siste åra har teknisk etat hatt eitt underskot på rekneskapen. I 2016 er det gjort grep som er tenkt vidareført i 2017 for å gje eitt fortsatt betre økonomisk resultat.

8.2. Arbeidsområde og funksjon, årsverk og stillingar

- Planområde 5 har 33,59 årsverk fordelt på 53 stillingar.
- Per 1.10.16, held teknisk etat fylgjande stillingar vakante:
 - 0,5 årsverk VA-ingeniør
 - 1,0 årsverk eigedomsforvaltar
 - 1,0 årsverk driftsoperatør
 - 1,5 årsverk reinhald

Desse stillingane vert også haldne vakante i 2017, men med interne omprioriteringar vil me prøve å få tilsett i stillingane knytt til VA.

- Teknisk sjef er øvste leiar for administrasjonen.
- Hovudutval for utvikling (UTU) handsamar saker innafor området.

8.3. Utfordringar

Planområde 5 sine utfordringar:

- Redusere tenestetilbodet i takt med nedbemannning og omprioritering av arbeidsoppgåver
- Oppjustering av kommunalt vegnett for å tilfredstille nye vektgrenser for blant ana timmertransport
- Fortsetje med arbeidet knytt til vurdering av bruk og eventuelt sal av tome kommunale bygg
- Utføre vedlikehald av kommunale bygg i samsvar med utarbeidd vedlikehaldsplann
- Preventivt vedlikehald av kommunale vegar for å hindre større utgifter seinare
- Fortsette med oppgradering av bad på Tokke helsecenter.
- Framtidig etatsstruktur og organisering av etaten
- Vurdere avtale på driftsovervakkinga på VA-avdelinga

8.4 Mål i handlingsprogramperioden

Handlingsprogram - Planområde 5		
Mål nr.	Utfordring og tiltak	Mål
8.4. 1.	Oppgradering av Høydalsmo vassverk.	Finne alternativ vasskjelde til Høydalsmo
8.4. 2.	Utføre vedlikehald etter utarbeid vedlikehaldsplan. Setje opp prioriteteringsliste for 2017.	Kome godt i gang med jamn og forutsigbar vedlikehald av kommunale bygg og bruk av eigne arbeidsfolk.
8.4. 3.	Vurdere kommunale vegar i forhold til nye vektgrenser for blant ana timmertransport.	Kategorisere og prioritere kommunale vegar i forhold til nødvendig opprusting.
8.4.4.	Energieffektivisering	Redusere utgifter knytt til straumforbruk på utvalde kommunale bygg. Avhengig av investeringsmidlar.
8.4.5.	Privatisere kommunale vegar	Ha klar ei prioritering og planlegging av privatisering av kommunale vegar, for slik å redusere framtidige utgifter til vegvedlikehald.
8.4.6	Vurdere arbeidsstokken på planområde 5 i forhold til vakante stillingar	Å finne eitt akseptabelt nivå i forhold til antall tilsette. Halde dagens vakante stillingar fortsatt vakante fram til ny etatsstruktur er vurdert.
8.4.7	Fortsetje arbeidet mot ambulerande vaktmesterteneste i heile kommunen	Ha klar ein plan på utføring og kompetanseoverføring.

9. Oppsummering av framlegg som skal utgreiast

I rådmannens budsjettframlegg er det tatt inn ein del punkt som må utgreiast vidare. Her er ein oppsummering av desse:

Planområde 1 og 6:

Vurdering av politisk struktur

Vurdering av kyrkjeleg organisering

Vurdering av sentralbordfunksjonen

Planområde 4:

Vurdering av organisering og finansiering av Visit-Telemark

Vurdering av sal av kommunale eigedomar

Vurdering av kapasiteten til næringsarbeidet i Tokke kommune

Planområde 5:

Vurdering av sal av kommunale bygg

Vurdering av privatisering av kommunale vegar

10 Kommunale avgifter og brukarbetaling

Tokke har på mange område låge avgifter og brukarbetalingssatsar, dekningsgraden er ennå låg på vatn- og kloakk, høvesvis 86,79 og 93,81% i 2015. I kroner utgjorde dette kr 0,9 mill., det nærmar seg såleis full dekningsgrad og prisauken må tilpassast dette.

10.1 Vatn, avløp og renovasjon

Budsjettframlegget inneber følgjande:

7% auke i vass- og kloakkavgiftene i 2017. Avgiftene skal harmoniserast slik at avgiftene i hytteområde ikkje er høgare enn dei høgaste i kommunale bustadfelt. Avgifter for septiktøming fylgjer vedtaket i representantskapet i Renovest IKS. Det er rekna med full dekningsgrad i tråd med selskapsavtala. Det har vore overdekning når det gjeld renovasjonsavgiftene dei siste åra, og denne blir såleis heller ikkje auka for 2017.

10.2 Andre avgifter og brukarbetalingar

Feiing - brannsyn

Avgifta fylgjer vedtak i representantskapet i Vest-Telemark Brannvesen IKS og byggjer på full dekningsgrad.

Husleiger

For dei fleste kommunale bustadene blir satsane auka med konsumprisindeksen. Det er gjort vedtak i kommunestyret i 2014 om ein generell auke i husleigene. Ved nye leigekontraktar vert det bare ein utleigepris, eventuelt subsidiering av husleige skal avtalast i arbeidskontrakt.

Pleie- og omsorg

Eigenbetalingane på heimetenester aukar med inntil 7 %. Prisane på mat frå kjøkkenet blir auka med inntil 7%. Betalingssatsar som er avhengig av statlege og andre retningslinjer blir justert til det som lovverket gjev høve til.

Skule og barnehage

Satsane for grupper i kulturskulen for dei over 18 år blir auka med 25%, satsane blir elles ikkje auka i 2017. Me er prisleiande i Vest-Telemark. Satsane for barnehagebetaling vert endra i tråd med dei statlege føringane. Maksprisen er i statsbudsjettet auka med kr 85 til kr 2 730 (3,2%). For skule-/fritidsordninga blir satsane auka med 6%.

Teknisk etat , plan- og næringsetaten

Det er underdekning på byggesaksgebyr, oppmålingsgebyr og plangebyr. Det blir lagt opp til ca 3% auke i 2017. Det blir lagt fram eiga sak om dette.

11 Fond og gjeld

Fond

Dispositionsfonda har minka mykje dei seinare åra. Det er nå disponibelt om lag kr 1,8 mill. kr. – dette er minst 15 mill. kr for lite.

Gjeld

Ved utgangen av året 2016 vil me ha 165 mill kr i gjeld. Investeringsplanen tilseier at gjelda deretter går ned. Dette utgjer kr 73 000 pr innbyggjar i 2017.

12 Budsjettvedtak

1. Budsjett 2017, handlingsprogram og økonomiplan 2017-2020.

Nytt handlingsprogram og økonomiplan 2017-2020 og budsjett 2017, med vedlegg, skal leggjast til grunn for Tokke kommune si verksemد i perioden og blir vedteke med netto rammer for kvart planområde, og med dei endringar som fylgjer av kommunestyret si handsaming.

- a. For skatt på inntekt og formue blir nytt auka med 7%, eller så langt lov og forskrift gjev høve til det. Rådmannen delegerast mynde til å fastsetje nøyaktige satsar innanfor denne ramma.
- b. Kommunale gebyr og eigenbetalingar som ikkje er omtala andre stader i budsjettvedtaket blir auka med inntil 7%, eller så langt lov og forskrift gjev høve til det.
- c. Rådmannen justerar økonomiplantabellane og investeringsplanen etter endeleg vedtak i kommunestyret.
- d. 0,5 % av lønsmidlane blir trekt ut av kvart planområde, lagt på planområde 1, og disponera av rådmannen med tanke på utjamning av lønsjusteringar.
- e. Konsesjonsavgiftene for 2017 – kr 7,3 mill, blir nytt til næringsutvikling/næringsarbeid (ansvar 410, 451, 453 og 454, 3,3 mill kr) og til dekning av avdrag på investeringar (4,0 mill).
- f. Eventuelt større positivt eller mindre netto driftsresultat for 2017 etter endeleg vedtak i kommunestyret blir justert mot avsetjing til dispositionsfond.

2. Gebyr, avgifter brukarbetaling

Gebyr, avgifter og brukarbetaling blir fastsett i samsvar med pkt 10 i handlingsprogrammet. Kommunale avgifter, dvs vatn. og kloakkavgifter blir auka med 7%. Renovasjonsavgiftene blir ikkje auka. Slamavgifta blir auka i høve til vedtak i representantskapet i Renovest IKS og feieavgifta blir auka i høve til vedtaket i representantskapet i Vest-Telemark Brannvesen IKS.

3. Inntektsramme for drifta

Driftsbudsjettet for 2017 blir vedteke slik det går fram av tabell 1, tabell 3 og skjema 1A og 1B i HP.

4. Budsjetttiltak

For å tilpasse utgifter og inntekter til dei fastsette måla, skal det bli gjennomført budsjetttiltak i samsvar med tabell 3 i taldelen til budsjettframlegget.

5. Fordeling av utgifter mellom etatane.

Etatane sine driftsrammer går fram av tabell 1, 3 og 4 i HP/ØP.

6. Investeringar.

Kommunestyret vedtek investeringar og finansiering for 2016 i tråd med tabell 2 og skjema 2a og 2b i budsjettframlegget/HP.

7. Låneopptak

Rådmannen får fullmakt til å ta opp lån med inntil 5,148 mill. kr. i 2017.

8. Egedomsskattevedtak for 2017

a) Verkeområde:

For skatteåret 2017 skal det skrivast ut egedomsskatt på "verk og bruk", jf. lov om egedomsskatt til kommunane (eskl.) § 3 første ledd, bokstav c.

b) Egedomsskattesats:

